

# Høgskulestyret 2019-2023

## Styremøte 05/20

Dato: 27.08.2020 10:00-16:00

Sted: HVL campus Kronstad, Bergen, Styrerommet (a825)

# Innhold

## Vedtakssaker

40/20 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll	3
41/20 Møteplan for Høgskulestyret 2021	18
42/20 Internrevisjon våren 2020 - Anskaffingsprosessen	21
43/20 Vurderingar av organisatoriske/strukturelle endringar før neste åremålsperiode	37
44/20 - Unntatt offentligheten iht.: Offl §13 jfr Fvl §13.1	41

## Orienteringssaker

O-32/20 Opptak 2020 - Status ved studiestart	42
O-33/20 Status for rehabilitering/byggeprosjekter ved HVL	50
O-34/20 Campusutvikling - erfaringar frå Stord og plan framover	55

## Faste orienteringar

O-35/20 Orienteringar frå rektor - styremøte 05/20	64
O-36/20 Referatsaker - styremøte 05/20	77
O-37/20 Campusrelevant tema	78



Arkivsak-dok. 19/06245-34 Arkivkode. 011  
Saksbehandler Linda Marie Hvaal Mcguffie

Saksgang Møtedato  
Høgskulestyret 2019-2023 27.08.2020

**40/20-B**

## **GODKJENNING AV INNKALLING, SAKLISTE OG PROTOKOLL**

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og sakliste til styremøte 05/19.
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 04/19.
3. Styret har vurdert at det ikkje er nokon som er inhabile i sakene som skal handsamast i møtet.

Vi syner til vedteken møteplan og kallar med dette inn til styremøte 05/20.

Styremøtet finn stad torsdag 27. August kl. 10:00-16:00, i Styrerommet (a825) på HVL campus Kronstad, Bergen.

Dersom du ikkje har høve til å møte ber vi om at du gir melding til styresekretariatet på e-post: [sekretariat@hvl.no](mailto:sekretariat@hvl.no)

Med helsing

Arvid Hallén  
styreleiar

Berit Rokne  
rektor

### **Vedlegg:**

1. Sakliste til styremøte 05/20.
2. Protokoll frå styremøte 04/20.

## Saksliste til styremøte 05/20

<b>Saksnr</b>	<b>Vedtaksaker</b>
40/20-B	Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll
41/20-B	Møteplan for Høgskulestyret 2021
42/20-B	Internrevisjon våren 2020 - Anskaffingsprosessen
43/20-S	Vurderingar av organisatoriske/strukturelle endringar før neste åremålsperiode
44/20-B	Oversendelse av klage på vedtak, ny behandling - Unntatt etter Offl. §13 jfr Fvl §13.1
	<b>Orienteringssaker</b>
O-32/20	Opptak 2020 - Status ved studiestart
O-33/20	Status for rehabiliterings- og byggeprosjekter ved HVL
O-34/20	Campusutvikling - erfaringar frå Stord og plan framover
	<b>Faste orienteringer</b>
O-35/20	Orienteringar frå rektor - styremøte 05/20
O-36/20	Referatsaker - styremøte 05/20
O-37/20	Campusrelevant tema
	<b>Eventuelt</b>



## MØTEPROTOKOLL

- Unntatt offentlighet Offl §13 jfr Fvl §13.1

### Høgskulestyret 2019-2023

**Dato:** 18.06.2020 kl. 09:00  
**Sted:** HVL campus Bergen (Styrerommet Kronstad)  
**Arkivsak:** 19/06245

**Tilstede:** Berit Rokne, Arvid Hallén, Aina Berg (Delvis møtt), Trond Ueland, Hege Økland, Gunnar Yttri, Ragnar Gjengedal, Tina Åsgård, Kristin Ådnøy Eriksen, Tone Skjerdal, Cecilie Engen Fredheim, Thomas Mårstøl Reite

Møtende  
varamedlemmer:

Forfall:

Andre:

Protokollfører: Andreas Madsen

SAKSKART		
Vedtaksaker		
<a href="#">28/20</a>	19/06245-31	Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll
<a href="#">29/20</a>	20/03701-1	Oppnevning/godkjenning av studentrepresentanter til styrer, råd og utvalg ved HVL (01.08.20-31.07.21)
<a href="#">30/20</a>	20/03221-1	Oppnevning av klagenemnd ved HVL i perioden 1.9.20 til 31.8.24
<a href="#">31/20</a>	20/03619-2	Søknad om utgreiingsløyve for fellesgrad master i profesjonsfagleg digital kompetanse
<a href="#">32/20</a>	20/03344-2	Søknad om utredningstillatelse for Master i sosialvitenskap (120 sp) ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap
<a href="#">33/20</a>	20/00783-3	Løypemelding: Utvikling av studieportefølje ved HVL – foreløpige innmeldinger av endringer for studieåret 2021/22
<a href="#">34/20</a>	19/03244-84	Etablering av Master i praktisk utdanningsvitenskap
<a href="#">35/20</a>	19/03244-83	Etablering av Master i didaktiske praksiser (120 sp)

<a href="#">36/20</a>	20/02341-7	Forlenging og justering av midlertidig forskrift om studium og eksamen ved HVL
<a href="#">37/20</a>	20/03848-1	Styrets evaluering av eget arbeid
<a href="#">38/20</a>	20/03515-1	Samarbeid med Vestlandets Innovasjonsselskap og behov for tilføring av egenkapital - Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 23 første ledd
<a href="#">39/20</a>	20/02529-35	Oversendelse av klage på vedtak - Unntatt etter offentlighetsloven Offl §13 jfr Fvl §13.1
<b>Orienteringssaker</b>		
<a href="#">O-21/20</a>	20/01858-3	Høyrings svar NOU 2020: 3 Ny UH-lov
<a href="#">O-22/20</a>	20/01891-11	Innspel til styringspolitikk
<a href="#">O-23/20</a>	19/03167-15	Revisjonsberetning 2019
<a href="#">O-24/20</a>	20/03017-2	Regnskapsstatus per 1. tertial 2020 - Eksternregnskapet rapportert til KD
<a href="#">O-25/20</a>	20/03508-1	Internregnskap 1.tertial 2020
<a href="#">O-26/20</a>	19/09936-8	Supplerende tildeling fra KD og tildeling i Revidert Nasjonalbudsjett
<a href="#">O-27/20</a>	20/03324-2	Tilstand for høyere utdanning - hovedtall og tendenser for HVL
<a href="#">O-28/20</a>	19/09738-11	"Lære heile livet" - Kompetansereforma og satsing på livslang læring i HVL
<b>Faste orienteringar</b>		
<a href="#">O-29/20</a>	19/06233-18	Orienteringar frå rektor - styremøte 04/20
<a href="#">O-30/20</a>	19/06233-19	Referatsaker – styremøte 04/20
<a href="#">O-31/20</a>	19/06233-20	Campusrelevant tema – tildeling – ekstrabevilgning universitetsmidler
<b>Eventuelt</b>		
E-04/20-1	-	Microsoft språkpolitikk

Bergen, 18.06.2020

Arvid Hallén

**28/20 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	28/20

Styreleiar orienterte om plan for møtet.

Styret hadde ikkje innvendingar til innkalling, sakliste eller protokoll.

Det var meldt ei sak og to oppklaringsspørsmål til eventuelt.

**Vedtak**

1. Styret godkjenner innkalling til styremøte 04/20
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 03/20

**29/20 Oppnevning/godkjenning av studentrepresentantar til styre, råd og utvalg ved HVL (01.08.20-31.07.21)**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	29/20

Rektor presenterte saka.

«NN» indikerer at namn ikkje har kome inn ennå, og at styret vil bli orientert når det er klart kven som skal fylle dei ledige verva som fast medlem til *Skikkethetsnemnda* og 1. og 2. vara til høgskulestyret.

**Vedtak**

1. Styret oppnemnde følgande studentrepresentantar til *Skikkethetsnemnda* for perioden 01.08.2020-31.07.2021:

Fast medlem: Marthe Mathea Tyse (FLKI, Stord)

Fast medlem: NN (supplerast)

2. Styret tar til orientering at følgande studentrepresentantar er valt til styret for Høgskulen på Vestlandet for perioden 01.08.2020-31.07.2021:

Fast representant: Mari Ingeborg Bjor Hognestad

1. vara: NN (supplerast)

2. vara: NN (supplerast)

Fast representant: Bjørn Olav Østeby

1. vara: NN (supplerast)

2. vara: NN (supplerast)

## 30/20 Oppnevning av klagenemnd ved HVL i perioden 1.9.20 til 31.8.24

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	30/20

Rektor presenterte saka.

Med omsyn til å gi rektor fullmakt til å *oppnemne nye medlemmer* og å *justere instruks for klagenemnda* vart det avklart at dette var å forstå som å gi rektor fullmakt til å supplere klagenemnda ved behov, til dømes når nokon går ut av nemnda.

Styret stilte spørsmål ved om det for klagenemnda eksisterer avgrensingar på kor mange åremål dei fagtilsette kan inneha vervet, kva for tilsvarande verv dei kan ha i andre utval og råd, etc. Samstundes vert det peika på det føremålstenlege i å la medlemmar i klagenemnda få utvikle kompetanse over tid. Prorektor Selvik undersøker problemstillinga før neste oppnemningsrunde.

### Vedtak

1. Styret oppnevner klagenemnd for Høgskolen på Vestlandet for perioden 1.9.20-31.8.24 med følgende sammensetning:

Leder: Sorenskriver Håkon Rastum.  
Vara for leder: Lagdommer Beate Blom

Fagansatt: Høgskolelektor Åshild Havnerås.  
Personlig vara for fagansatt: Professor Catharina Renate Christophersen

Fagansatt: Førsteamanuensis Sven Olai Høyland  
Personlig vara for fagansatt: Høgskolelektor Alfred Limstrand

For perioden 1.9.20 -31.8.21  
Studentrepresentant: Lovise Vedvik  
Personlig vara for studentrepresentant: Ikke valgt enda

Studentrepresentant: Adrian Helgheim  
Personlig vara for studentrepresentant: Jelle Sebastian Bruin

2. Styret vedtar justert instruks for klagenemnda ved Høgskolen på Vestlandet med virkning fra 1.9.20.

3. Rektor gis i funksjonsperioden fullmakt til å

- Oppnevne nye medlemmer til klagenemnda
- Justere Instruks for klagenemnda, vedtatt av styret 18.6.20)



## 31/20 Søknad om utgreiingsløyve for fellesgrad master i profesjonsfagleg digital kompetanse

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	31/20

Prorektor Bjørg Kristin Selvik orienterte kort om saka, mellom anna om bakgrunnen for samarbeidet med USN og om det nett- og samlingsbaserte opplegget for studiet. Det vart avklart at lærarspesialist er opptakskrav i denne utdanninga.

Styret diskuterte kort saka, mellom anna om tittelen på studiet som vart oppfatta som uklar og lite informativ. Prodekan Haraldseid avklarte at tittelen er velkjent i fagmiljøet, at den vert brukt i nasjonale føringar og utgreiingar, at omgrepet vert forklart på eigne nettsider. Haraldseid understreka likevel at namnet i marknadsføringa vil bli vurdert av fakultetet og dei konkrete fagmiljøa.

### Vedtak

1. Styret gjev utgreiingsløyve for Fellesgrad Master i profesjonsfagleg digital kompetanse, datert 27. mai 2020. Utgreiingsløyve er gyldig til 31.12.2022.
2. Styret føreset at kostnader i samband med utvikling, etablering og drift av studietilbodet vert dekkja innan fakultetet si budsjettramme.

Styret ber om at namnet på mastergraden blir grundig vurdert mot behovet for å promotere studiet for ulike målgrupper

## 32/20 Søknad om utredningstillatelse for Master i sosialvitenskap (120 sp) ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	32/20

Rektor presenterte saka.

Styret peika på behovet for at presentasjonen av studiet blir informativt og attraktivt for andre reelle målgrupper i arbeidslivet. Tilsette innan barnevern, sosialt arbeid, etc. må forstå at studiet rettar seg konkret mot dei. Vernepleiefaget har færrast masterstudier å velge mellom, og det er derfor ekstra viktig å nå desse.

Styret merka seg at høgskulen gjennom fusjonen kan gi eit breiare tilbod og at dette er positivt for universitetsambisjonen.

Styret var nøgd med arbeidet som er gjort i denne saka og i sak 31/20, og at høgskulen er framtidsretta.

### Vedtak

1. Styret gir utredningstillatelse for Master i sosialvitenskap (120 studiepoeng), datert 15.05.20. Utredningstillatelsen er gyldig til 31.12.2022.
2. Styret forutsetter at kostnader i forbindelse med utvikling, etablering og drift av studietilbudet dekkes innanfor fakultetets budsjettramme.

### 33/20 Løypemelding: Utvikling av studieportefølje ved HVL – foreløpige innmeldinger av endringer for studieåret 2021/22

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	33/20

Bjørng Kristin Selvik presenterte saka.

Saka var ei løypemelding om planlagde endringar i studieporteføljen for studieåret 2021/22. Selvik orienterte om Utdanningsutvalet si utarbeiding av årshjul for arbeidet med studieporteføljen, presenterte ein mellombels fordeling av dei nye 181 studieplassane for studieåret 2020/21, og informerte om tre studiar som har blitt trekte på grunn av koronasituasjonen og låge søkjartal. Selvik orientert om fakulteta sine innmeldte endringar i studieporteføljen for studieåret 2021/22, innmeldte revisjonar av eksisterande studieprogram over 60 studiepoeng og foreløpig innmeldte forslag/vurderingar av nullopptak på ulike studiar. Selvik presenterte deretter den periodiske evalueringa av den samla studieporteføljen og informerte om at saka styret har ynskt seg, knytt til årskurs og deira plass i HVL si portefølje, tas inn i saka om evaluering av studieporteføljen som kommer til hausten.

Selvik kommenterte at fordelene med at styret gjev akkrediteringsmynde i dette møtet er at studia i sakene 31/20 og 32/20 då meir hensiktsmessig kan akkrediterast når dei er ferdig utgreia til hausten.

Styret diskuterte saka.

Styret peika på at også andre faktorar enn dei reint faglege er relevante for å tiltrekke seg søkarar, problematiserte konkurransen med andre institusjonar, peika på viktigeita av kordan studieprogramma er rigga med omsyn til livslong læring og viktigeita av at ein sikrar at det blir snakka med dei rette personane i næringslivet. Styret gav vidare honnør for at HVL får opp utdanningstilbod på hydrogenkurs med finansiering av fylkeskommunen, som eit resultat av tett og godt samarbeid. Styret stilte spørsmål ved om ein har rigga leiinga av campus optimalt med tanke på det viktige campusperspektivet ved HVL.

Styreleiar takka for presentasjonen og peika på viktige element som har kommen fram i diskusjonen.

#### Vedtak

1. Styret tar til orientering fakultetene sine innmeldte endringer i studieporteføljen fra studieåret 2021/2022 med rektor sine kommentarer.
2. Styret ber rektor om å utvikle studieporteføljen i tråd med diskusjonen i styremøtet.
3. Styret gir Utdanningsutvalget fullmakt til å akkreditere studieprogram over 60 studiepoeng innen fagområder hvor høgskolen har selvakkrediteringsrett.
4. Styret slutter seg til skissen av arbeidet med periodisk evaluering av studieporteføljen og ber om at de tema som kom fram i diskusjonen blir vektlagt i evalueringen.
5. Styret ser fram til den heilskaplege evalueringa av studieporteføljen, som blir ein interessant strategisk sak for høgskulen, med styret si deltaking.

**34/20 Etablering av Master i praktisk utdanningsvitenskap**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	34/20

Rektor presenterte saka.

Styret kommenterte kor viktig det er at målgruppene oppfattar at studiane blir tilbudd på alle campus, sjølv om studieretten er kopla til campus Bergen.

**Vedtak**

1. Styret akkrediterer studieprogrammet Master i praktisk utdanningsvitenskap (120 studiepoeng) i henhold til lov om universiteter og høyskoler § 3-3 (2).
2. Styret godkjenner etablering av Master i praktisk utdanningsvitenskap, deltid (120 studiepoeng) med oppstart våren 2021.

**35/20 Etablering av Master i didaktiske praksiser (120 sp)**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	35/20

Rektor presenterte saka.

**Vedtak**

Styret akkrediterer Master i didaktiske praksiser (120 studiepoeng) i henhold til lov om universiteter og høyskoler § 3-3 (2).

Styret godkjenner etablering av Master i didaktiske praksiser (120 studiepoeng) deltid med oppstart våren 2021.

**36/20 Forlenging og justering av midlertidig forskrift om studium og eksamen ved HVL**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	36/20

**Vedtak**

Styret vedtar forslaget til forlenging og justering av midlertidig forskrift til 1. februar 2021.

**37/20 Styrets evaluering av eget arbeid**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	37/20

**Vedtak**

Styret evaluerte arbeidet sitt med utgangspunkt i spørsmål som var sendt ut før møtet.

**38/20 Samarbeid med Vestlandets Innovasjonsselskap og behov for tilføring av egenkapital**

*Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 23 første ledd*

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	38/20

Møtet var lukka.

**Vedtak**

Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 23 første ledd.

**39/20 Oversendelse av klage på vedtak**

*Unntatt etter offentlighetsloven Offl §13 jfr Fvl §13.1*

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	18.06.2020	39/20

Møtet var lukka.

Styret diskuterte saka.

**Vedtak**

Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 13 jfr Fvl §13.1.

Behandling av sak 39/20 utsettes.

## Orienteringssaker

Saknr.	Tittel	Arkivsak
<b>O-21/20</b>	<b>Høyrings svar NOU 2020: 3 Ny UH-lov</b>	<b>20/01858-3</b>

Saka vart behandla i styret i videomøte 3. juni 2020.

Styret etterlyste det endelege høyrings svaret for saken. Høyrings svaret vil bli lagt ved protokollen.

<b>O-22/20</b>	<b>Innspel til styringspolitikk</b>	<b>20/01891-11</b>
----------------	-------------------------------------	--------------------

Saka vart behandla i styret i videomøte 3. juni 2020.

Styret diskuterte kort saka.

Styret etterlyste det endelege høyrings svaret for saken. Høyrings svaret vil bli ettersendt styret.

Styret ønsker at følgande punkter skal presiserast for møtehandsaminga av saka den 3. juni:

*I forkant av det ekstraordinære styremøtet 3. juni 2020, fremma Tina Åsgård forslag om å stryke følgande formuleringar, og ved votering fekk ho støtte av eit mindretal med Ragnar Gjengedal, Kristin Ådnøy Eriksen og Tone Skjerdal:*

- «s. 2, kulepunkt 7 om mangfald og differensiering, stryk følgande setningar frå punktet: «Effektane handlar først og fremst om at studentane får den kompetansen som gjev dei arbeid, og at nærings- og samfunnsliv får den kapasiteten, kompetansen og kunnskapen dei treng for å utvikle, skape og produsere.
- s. 4, siste setning, stryk følgande: «gje praksis- og arbeidslivsrelevans betre uttelling», slik at setninga heller blir: «Finansieringssystemet må understøtte utvikling av institusjonar med profesjons- og arbeidslivsretta profil».

<b>O-23/20</b>	<b>Revisjonsberetning 2019</b>	<b>19/03167-15</b>
----------------	--------------------------------	--------------------

Styret tok sakspapira til orientering.

<b>O-24/20</b>	<b>Regnskapsstatus per 1. tertial 2020 - Eksternregnskapet rapportert til KD</b>	<b>20/03017-2</b>
----------------	--	-------------------

Rektor presenterte kort saka.

<b>O-25/20</b>	<b>Internregnskap 1. tertial 2020</b>	<b>20/03508-1</b>
----------------	---------------------------------------	-------------------

Helge Skugstad presenterte saka.

<b>O-26/20</b>	<b>Supplerende tildeling fra KD og tildeling i Revidert Nasjonalbudsjett</b>	<b>19/09936-8</b>
----------------	--	-------------------

Rektor presenterte kort saka.

HVL søkte om støtte til 5-6 prosjekter og fikk tilslag på tre av dei; totalt 6,5 mill.

---

HVL har fått tildelt 181 nye studieplasser.

---

<b>O-27/20</b>	<b>Tilstand for høyere utdanning - hovedtall og tendenser for HVL</b>	<b>20/03324-2</b>
----------------	---	-------------------

---

Rektor presenterte saka.

HVL scorar bra på en del utdanningsparametre, og ligger bra til sett i forhold til oss sjølve med omsyn til en del forskingsparametre. Samstundes ligg vi noko lengre bak dei institusjonane vi ønsker å samanlikne oss med; vi må fortsette den positive utviklinga.

Styret diskuterte saka.

Styret stilte spørsmål ved om den svakt nedgåande tendensen på førstevalssøkarar gir grunn til uro. Rektor peika på at vi slit med rekruttering på ingeniør, trass i stor innsats, og at vi generelt slit på nokre områder, mens vi ligger over på andre. .

Styret peika også på at om tala hadde vore brote ned frå overordna nivå til aktivitet og campusnivå, så ville dei kunne vore meir nyttige for HVL, med omsyn til å iverksette tiltak.

Styret peika på at den gode studiepoengprogresjon bør nyttast med omsyn til attraktiviteten til HVL.

---

<b>O-28/20</b>	<b>"Lære heile livet" - Kompetansereforma og satsing på livslang læring i HVL</b>	<b>19/09738-11</b>
----------------	---	--------------------

---

Liv Reidun Grimstvedt presenterte saka.

Denne saka er oppfølging av styresak 80/19, kor styret bad om oppdatering første halvdel 2020.

Saka må sjåast i samanheng med sak om studieporteføljen, og er fakulteta sine strategiske moglegheit for vekst. Fakulteta har heilskapleg ansvar for eigne utdanningar, både grunnutdanningane og etter- og vidareutdanningane. Kompetansereforma har to hovudmål: At ingen skal gå ut på dato, og at det skal vere mogleg å tette gapet mellom arbeidstakarane sin kompetanse og arbeidslivet sitt behov.

Dette gjer to hovudgrupper studentar: Heiltidsstudenten og deltidsstudenten som er i jobb.

Nytt i denne samanheng er at det nå er stilt midlar til rådighet for kompetanseheving innanfor områder som høgare utdannings institusjonar og fagskolane er best eigna til å levere, og det stilles tydeleg forventning til betaling frå bedrifter og enkeltpersonar.

HVL har hatt stor suksess med REKOMP og DEKOMP for FLKI, med rundt 100 millionar i omsetning.

Med omsyn til det grønne skiftet har HVL eit viktig fortrinn med sine fem campus, då studentar skal kunne være i jobb og studere samstundes. Og, sett i samanheng med utviklingsavtala vår, om regional utvikling og samarbeid med klyngar og nettverk er potensialet vårt for vekst stort, særleg i FIN og FØS. HVL bør eie det grønne skiftet i våre utdanningar i eit livslangt læringsperspektiv ved HVL!

---

---

Regjeringa legg opp til fleire bransjeprogram, mellom anna innan olje, gass og maritim - viktig i vår region. Dette gjer at HVL må være meir aktive i å søke midlar.

Styret diskuterte saka.

Styret finn SWOT-analysen interessant.,

Styret ønskjer at etter- og vidareutdanningsporteføljen blir ein sentral del av høgskulen sitt totale studietilbod.

Styret peika på tydelege innspel frå fakulteta om at ein strevar med å få til kultur og struktur som trengs for å lykkast innan området; skreddarsaum, fleksibilitet, system, IT-støtte, etc.; Det vart peika på at HVL først og fremst er rigga for heiltidsstudenten og at forholdet mellom faglege stillingar og administrative stillingar er ein faktor å sjå på. Det vart stilt spørsmål om det bør byggast opp ein fast stab rundt EVO-verksemda, om HVL bør vurdere eit eige AS for EVO og om ein kan trekke inn kompetanse frå næringslivet i deltidsstillingar.

**Vedtak:**

Styret ber rektor halda fram arbeidet med å redusera hindringar og vidareutvikla moglegheiter for auka aktivitet i livslangt læringsperspektiv. Dette inneber ein heilskapleg gjennomgang og/eller utvikling av:

- Organisatoriske forhold inkludert koordinering av fellestenester og ansvarsfordeling mellom fellestenester og fakultet
- Marknadsføringsstrategi tilpassa ulike behov i samfunnet der vår profesjons- og arbeidslivsretta profil og fem campus blir gjort tydeleg
- Relevante studietilbod kor utvikla digital kompetanse kjem til nytte
- Eit serviceapparat som er tilgjengeleg for praktisk tilrettelegging på campus eller digitalt for denne gruppa studentar

Styret ber om at saka kjem opp att i haust knytt til budsjettarbeidet.

---

## Faste orienteringar

Saknr.	Tittel	Arkivsak
<b>O-29/20</b>	<b>Orienteringar frå rektor - styremøte 04/20</b>	
O-29/20-1	Årshjul/oversikt styresaker 2020	

Ingen kommentarar.

O-29/20-2	Koronasituasjonen	
-----------	-------------------	--

Rektor orienterte om at ein ikkje lenger opplever at det er ein krisesituasjon, med omsyn til å arbeide innan krise og beredskap, men hovudsakleg med å følge retningslinjer frå regjeringa. Ministeren har spelt inn opne campus frå hausten, med klare retningslinjer. Førsteårsstudentane vil få hovudprioritet rundt studiestart, samstundes som samlege studentar må ivaretaast etter sommaren. Det jobbast godt; enormt puslespel med omsyn til rammar, arealsituasjonen, studentar og tilsette, digitalt fokus. Det har blitt vurdert at det ikkje er nødvendig å leie eksterne lokalar. Og, K2 blir flytta inn i, med retningslinjer og avgrensingar.

O-29/20-3	Utviklingsavtalen	
-----------	-------------------	--

Rektor orienterte om at HVL har hatt møte med departementet med omsyn til utviklingsavtalen. Departementet kom med konstruktive innspill, med omsyn til universitetsambisjonen.

<b>O-30/20</b>	<b>Referatsakar - styremøte 03/20</b>	
----------------	---------------------------------------	--

O-30/20-1	IDF-møte	
-----------	----------	--

Ingen kommentarar.

O-30/20-2	Interne råd og utvalg	
-----------	-----------------------	--

Ingen kommentarar.

O-30/20-3	Studenttinget	
-----------	---------------	--

Ingen kommentarar.

<b>O-31/20</b>	<b>Campusrelevant tema – tildeling – ekstrabevilgning universitetsmidler</b>	
----------------	--	--

Dag Stenvoll presenterte saka.



---

Oppfølging av styrevedtak 30. april om å løyve inntil 50 millionar til å styrke gode fagmiljø på HVL, og dermed styrke universitetsambisjonen.

Fakulteta har innstilt fagmiljø, med kriterium eksternfinansiering frå EU og publisering. 13 fagmiljø tildelt midlar; bra fordeling på campus; nokre fakultet fekk inn dobbelt så mange søknader som ein hadde midlar til.

God oppstartsamling; identitetsbyggande effekt å samle fagmiljøa på tvers. Stillingane ble kjapt lyst ut, etter dekanane sitt ønske, for å få tilsett i post.doc-stillingane allereie frå nyttår.

Høgskolen i Innlandet (HINN) sitt endelege avslag på universitetssøknaden:

- HVL ligger veldig godt an med omsyn til fagleg tilsett per student.
- Gjennomstrøyming på doktorgradsprogramma: Vi må ha gjennom 15 på to av programma før vi er sikre og kan søke.
- Internasjonal kvalitet: Midlane i denne saka støttar oppunder.

Generelt var det romslegare vurdering av dei tidlegare søkarane, UNN og OsloMet, då dei ble målt på kravet den gong dei søkte, mens INN ble målt på kriteria per nå

---

## **EVENTUELT:**

### **E-04/20 – Microsoft språkpolitikk**

Saka vart meldt av Gunnar Ytri, og gjaldt Microsoft si avgjerd om å fjerne nynorsk frå Outlook-appen frå slutten av juni 2020.



## Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 19/06233-22 Arkivkode. 011  
Saksbehandler Linda Marie Hvaal Mcguffie

Saksgang Møtedato  
Høgskulestyret 2019-2023 27.08.2020

### 41/20-B

## MØTEPLAN FOR HØGSKULESTYRET 2021

### Forslag til vedtak/innstilling:

Styret godkjenner møteplan for Høgskulestyret 2021, med evt. justeringar i tråd med styret sine innspel.

### Samandrag

Styret blir i denne saka bedt om å vedta møteplan, inkl. tidsramme og møtestad for HVL sine styremøte i 2021.

### Vedlegg:

1. Forslag til møteplan for styret 2021

## Saksframstilling:

### Bakgrunn for saka

Styret får møteplan for påfølgjande år til handsaming som fast sak i august kvart år. Det er ønskeleg at styret vedtar sin møteplan så tidleg som mogleg, slik at desse datoane er føreseielege for møtedeltakarane og organisasjonen i god tid.

### Forslag til møteplan for 2021:

I utkast til møteplan er det forsøkt lagt til rette for at handsaminga av faste saker kan skje på tidspunkt som både passar med eksterne fristar og interne prosessar.

Det er lagt opp til åtte ordinære styremøte i 2021. Det er sett av tid til to-dagars møte (inkl. fagleg seminar) ein gong kvart semester. Dei ordinære møta er lagt til torsdagar. Det er ikkje gjort endringar i planlagt tidsramme for møta<sup>1</sup>. Erfaringsvis så gjer desse tidsrammene det mogleg for styrets medlemmer å reise til og frå møtestaden same dag for møta som varar ein dag og ein slepp å overnatte meir enn ei natt i samband med møta som går over to dagar.

Sidan fusjonen har praksisen vore at ein rullerer på fysisk lokasjon for styremøta, slik at styret får førstehandskunnskap om og kan være tett på alle HVL sine campus. Styret har gitt uttrykk for at dei ønsker å vidareføre den praksisen, og det har vore ytra ønsker om å legge fleire av møta som varar ein dag til andre campus enn Bergen, slik at ein får vore innom fleire av HVL sine campus i løpet av et år. Tidlegare har styret hatt møte på minst tre ulike campus kvart år, i den føreslegne møteplanen er det lagt opp til møte på alle fem campus i løpet av 2021. Det er også lagt opp til at minst eitt møte blir gjennomført digitalt. Styret står fritt til å komme med innspel på justeringar på dette.

### Ekstraordinære møte

I nokre tilfelle kan det være naudsynt å kalle inn til ekstraordinære digitale møte. Slike tilfelle kan til dømes være saker som det hastar med å få avklart, kor heile styret må være med på drøftinga. Rektor og styreleiar i samråd kan difor, unntaksvis, kalle inn til telefonmøte der ei sak krev hurtigare styrebehandling enn kva oppsett møteplan mogleggjer.

### Justeringar i møteplan for 2020

Sidan styret vart konstituert i august 2019 har dei besøkt alle campus utanom Førde<sup>2</sup>. Det er derfor foreslått å flytte styremøte 06/20 til campus Førde<sup>3</sup>.

### Rektor si vurdering

Rektor er positiv til at ein får vedteke møteplanen no, slik at det er føreseieleg for organisasjonen og deltakarane på styremøta kva tid møta skal gå føre seg i 2020. Rektor meiner det er positivt at styret er innom fleire campus i løpet av eitt år, og ein vil halde fram med å legge til rette for at styret får ein campusrelevant presentasjon på kvart møte.

<sup>1</sup> Tidsramme for møte som varar ein dag er 10:00-16:00 og for to-dagarsmøte 10:30-18:00 dag ein og 09:00-14:00 dag to.

<sup>2</sup> 05/19: Bergen, 06/19: Sogndal, 07/19: Bergen, 08/19: Haugesund. 01/20: Bergen, 02/20: Stord, 03/20: Digitalt, 04/20: Bergen

<sup>3</sup> Møte 04/20 som skulle vært i Førde vart flytta til Bergen pga. reiserestriksjonar knytt til koronasituasjonen.

## Møteplan for styret ved Høgskulen på Vestlandet - 2021

Møte	Dato (dag)	Tidspunkt	Sted
01/2021	04.02.21 (torsdag)	10:00-16:00	Bergen
02/2021	10.03.21 (onsdag)	10:30-18:00	Haugesund
	11.03.21 (torsdag)	09:00-14:00	
03/2021	22.04.21 (torsdag)	10:00-16:00	Bergen
04/2021	10.06.21 (torsdag)	10:00-16:00	Sogndal
05/2021	26.08.21 (torsdag)	10:00-16:00	Digitalt
06/2021	23.09.21 (torsdag)	10:00-16:00	Stord
07/2021	27.10.21 (onsdag)	10:30-18:00	Bergen
	28.10.21 (torsdag)	09:00-16:00	
08/2021	25.11.21 (torsdag)	10:00-16:00	Førde



## Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 17/03120-25 Arkivkode. 121  
Saksbehandler Jan Ove Henriksen  
Marit Virkesdal

Saksgang Møtedato  
Høgskulestyret 2019-2023 27.08.2020

**42/20-B**

### **INTERNREVISJON VÅREN 2020 - ANSKAFFINGSPROSESSEN**

#### **Forslag til vedtak/innstilling:**

1. Styret tar den vedlagte revisjonsrapporten til orientering.
2. Styret ber rektor sjå til at dei anbefalingane som er lagt fram i revisjonsrapporten blir følgt opp på ein tenleg måte.

#### **Sammendrag**

Denne saka legg fram rapporten etter den sist utførte revisjonen «Anskaffingsprosessen», gjennomført våren 2020.

#### **Vedlegg:**

1. Internrevisjonsrapport «Anskaffingsprosessen»
2. Uttale frå revidert part våren 2020 (Anskaffingsprosessen)
3. Sluttrapportering frå revidert om revisjonen hausten 2019 (Fullmakter og systemtilgangar).

## Saksframstilling:

### Bakgrunn for saken:

Høgskulen på Vestlandet har sidan 2012 hatt eit internrevisjonssamarbeid med Nord universitet, Universitetet i Agder (UiA) og Universitetet i Stavanger (UiS). Internrevisjonen gjennomførte våren 2020 revisjon av anskaffingsprosessen. Dette var i tråd med styregodkjent revisjonsplan for HVL, ref. sak 12/20.

### Formål med revisjonen

Formålet med revisjonen er å gjennomgå verksemda sine interne retningslinjer og rutinar for anskaffingsprosessen med sikte på etterleving av Lov og forskrift om offentlege anskaffingar, samt reglement for økonomistyring i staten.

I denne revisjonen såg ein nærmare på verksemdene sin etablerte internkontroll og forvaltning av prosess knytt til anskaffingsområdet ved dei fire verksemdene. Internrevisjonen har hatt samtale med verksemda si leiing og ressurspersonar frå innkjøpseininga. I tillegg til dokumentgjennomgang og samtalar, har revisjonen omfatta stikkprøvekontrollar i verksemdene sine anskaffingar på leverandørnivå. Dette er avgrensa til å omfatte rekneskapsdata for perioden januar 2017- mars 2020. Revisjonen vart gjennomført ved alle dei fire verksemdene.

Revisjonen vil kunne vere eit bidrag til å peike på område kor det kan vere behov for forbetringar. Vedlagte rapport inneheld anbefalingar og forslag til forbetringstiltak ved HVL. Revisjonsrapportane for Universitetet i Agder, Nord Universitet og Universitetet i Stavanger er tilgjengeleg på førespurnad.

### Hovudkonklusjonar frå rapporten:

Revisjonen ved HVL viser at verksemda har fokus på å opptre i tråd med gjeldande regelverk og har stor grad av risikomedvit.

HVL har valt å samle innkjøpsavdelinga på eitt campus (Bergen) for å bygge opp og skape eit solid fagmiljø. I tillegg har ein tatt i bruk nytt bestillings- og fakturasystem (UBW) som er implementert i store delar av sektoren.

Retningslinjer og rutinar er tilgjengeleggjort på HVL sitt intranett (Vestibylene) som er HVL sin primære kommunikasjonskanal overfor tilsette. Ein har der hatt fokus på at tilgjengeleg informasjon skal vere lett tilgjengeleg og lett forståeleg. Det er likevel nokre forbetningsområde som høgskulen arbeidar med å forbetre.

HVL vert mellom anna anbefalt å få oversikt over kor stor del av anskaffingane som vert gjennomført gjennom UBW, få på plass ein formålstenleg prosess for kontraktsoppfølging, inkludere habilitetsvurdering i oppstartsskjemaet og legge opp til noko meir konkret og obligatorisk opplæring retta mot aktuelle rollar i anskaffingsprosessen.

### Revisjonsplan

Iht. tidlegare styrevedtak, vil det bli gjennomført to revisjonar i internrevisjonssamarbeidet i 2020. Tema for haustens revisjon blir *Sikring av ikt-utstyr*. Når det gjeld revisjonsplan for 2021, vil styret bli bedne om å kome med innspel til revisjonstema i løpet av hausten 2020.

### **Uttale frå revidert part**

Som vedlegg til denne saka finn ein uttale frå revidert part angående vårens revisjon, i tillegg til ei sluttrapportering frå revidert part angående revisjonen knytt til fullmakter og systemtilgangar som vart gjennomført hausten 2019.

### **Rektor si vurdering**

Rektor tar anbefalingane i rapporten til etterretning og vil ha fokus på vidare utvikling og forbetring knytt til anskaffingsprosessen, og at retningslinjer og rutinar for internkontroll sikrar etterleving av lovar og forskrifter.

Utsett/offentlegheit jf. Off.lova §14

# REVISJONSRAPPORT

## Høgskulen på Vestlandet

### Anskaffingsprosessen

**Distribuert til:**

Styret

Rektor

Revidert part

Eining for internrevisjon:

Rolf Jegervatn (UiS), Ane Fiskebekk (UiA), Marit Virkesdal (HVL) og Thorbjørn Aakre (Nord)

Stad: Bergen – HVL via Skype

Revisjonsdato: 28.-29.04.2020







NORD  
universitet



Høgskulen  
på Vestlandet



UiA Universitetet  
i Agder

## Samandrag

Med bakgrunn i godkjent revisjonsplan 2020, har vårens revisjon omfatta gjennomgang av rutinar for internkontroll knytt til anskaffingsprosessen. Anskaffingsområdet er eit høgst regulert område gjennom både reglement for økonomistyring i staten og i lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrifter.

Internrevisjonen har observert at HVL har fokus på å opptre i tråd med gjeldande regelverk og har stor grad av risikomedvit. HVL har ei eiga faggruppe knytt til innkjøp som er organisert under Avdeling for økonomi. Denne faggruppa skal vere involvert i alle anskaffingar over 100 000 eks mva. Når det gjeld kjøp under 100 000 eks mva er alle tilsette potensielle innkjøparar. HVL har nyleg tatt i bruk nytt bestillings- og fakturasystem som er implementert i store delar av sektoren (UBW).

Retningslinjer og rutinar er tilgjengeleggjort på HVL intranett (Vestibyen) som er HVL sin primære kommunikasjonskanal overfor tilsette når det gjeld innkjøp. Internrevisjonen finn det som ei tenleg tilnærming å ha målretta og tilpassa informasjon på intranett slik HVL har valt. Korte videosekvensar gjer raskt svar på dei mest aktuelle spørsmåla som dei tilsette vil møte på i anskaffingsprosessen.

Internrevisjonen har hatt samtalar med verksemda si leiing og ressurspersonar frå innkjøpseininga i gjennomføringa av revisjonen. I tillegg til dokumentgjennomgang og samtalar, har revisjonen omfatta stikkprøvekontrollar i verksemdene sine anskaffingar på leverandørnivå og desse viste nokre funn som HVL må følgje opp. Internrevisjonen har hatt dialog med revidert part om funna, og dei vil følgje opp med tiltak.

Internrevisjonen har føreteke ei vurdering av revisjonen som vart gjennomført i 2014, og samanlikna hovudfunna mot revisjonen våren 2020. Denne vurderinga finn ein i kapittel 3.0 i rapporten.

### Anbefalte tiltak

- Det vert anbefalt at HVL får oversikt over kor stor del av anskaffingane som vert teke gjennom bestillings- og fakturasystemet (UBW) på aktuelle konti og leverandørar.
- HVL bør jobbe med å få på plass ein etablert og formålstenleg prosess for god nok oppfølging av kontraktar. Dette vert trekt fram av faggruppa innkjøp ved HVL.
- HVL vert anbefalt å fokusere på konkret og obligatorisk opplæring retta mot aktuelle rollar i anskaffingsprosessen.
- Internrevisjonen vil anbefale HVL å inkludere habilitetsvurdering i opstartsskjemaet.
- Internrevisjonen vil anbefale at verksemda løpande informerer om nye rammeavtalar, at rammeavtaleoversikta til ei kvar tid er oppdatert og gjennomføre opplæring og kontrollar som sikrar endå betre rammeavtalelojalitet.



NORD  
universitet



Høgskulen  
på Vestlandet



UiA Universitetet  
i Agder

## Innhald

<b>Samandrag</b> .....	2
1. Bakgrunn og formål med revisjonen .....	4
1.1 Bakgrunn .....	4
1.2 Formål .....	4
1.3 Metode og avgrensing .....	4
1.4 Revisjonskriterier .....	5
2.0 Observasjonar .....	6
2.1 Overordna målsetjing og regulatoriske rammer .....	6
2.2 Organisering og prosess for anskaffingar .....	6
2.3 Internt miljø og risikovurdering .....	7
2.4 Kontroll, kvalitet og forbedring .....	8
2.5 Informasjon og kommunikasjon .....	9
3.0 Fellestrekk hos dei reviderte verksemdene .....	9
4. 0 Moglege forbedringspunkt .....	10



NORD  
universitet



Høgskulen  
på Vestlandet



UiA Universitetet  
i Agder

## 1. Bakgrunn og formål med revisjonen

### 1.1 Bakgrunn

Med bakgrunn i godkjent revisjonsplan 2020, har vårens revisjon omfatta gjennomgang av rutinar for internkontroll knytt til anskaffingsprosessen. Val av revisjonstema er mellom anna grunna i eit ynskje frå verksemdene, samt eit større fokus på aktuelt tema blant kontrollorgan i sektoren.

Anskaffingsområdet er eit høgst regulert område gjennom både reglement for økonomistyring i staten og i lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrifter. Anskaffingslova har som formål å bidra til økt verdiskaping i samfunnet basert på forretningsmessigheit og likebehandling. Kravet til at prosessen kan etterprøvast og at den er gjennomsiiktig inneber at ein må kunne dokumentere kva som har gått føre seg i anskaffingsprosessen. Denne revisjonen vil kontrollere i kva grad verksemdene har gode rutinar og prosessar for å sikre at ein etterlever desse gjeldande lovkrava.

Anskaffingsprosessen var òg tema for revisjon tilbake i 2014. Det har vore endringar i gjeldande regelverk i etterkant av førre revisjon. Med bakgrunn i desse endringane, samt auka fokus på internkontroll på området dei seinare år, vil vårens revisjonen avvike noko frå revisjonen gjennomført i 2014. Dette for å optimalisere revisjonens nytteverdi. Internrevisjonen ser det som nyttig å sjå korleis verksemdene har innordna seg til nytt regelverk, samt følgd opp internrevisjonens funn ved førre revisjon.

### 1.2 Formål

Formålet med revisjonen er å gjennomgå verksemda sine interne retningslinjer og rutinar for anskaffingsprosessen med sikte på etterleving av Lov og forskrift om offentlege anskaffingar, samt reglement for økonomistyring i staten.

### 1.3 Metode og avgrensing

Revisjonen omfattar gjennomgang av verksemda sin etablerte internkontroll og forvaltning av prosess knytt til anskaffingsområdet ved dei fire verksemdene. Internrevisjonen har hatt samtale med verksemda si leiding og ressurspersonar frå innkjøpseininga. I tillegg til dokumentgjennomgang og samtalar, har revisjonen omfatta stikkprøvekontrollar i verksemdene sine anskaffingar på leverandørnivå. Dette er avgrensa til å omfatte rekneskapsdata for perioden januar 2017- mars 2020.

Internrevisjonen har valt å dele inn testinga etter gjeldande terskelverdiar omtalt i lovar og retningslinjer.



NORD  
universitet



Høgskulen  
på Vestlandet



UiA Universitetet  
i Agder

- Innanfor terskelverdi 1 (anskaffingar mellom 0 og 100 000 kr eks mva) blei det valt ut 10 tilfeldige leverandørfakturaer med kontroll av art og frekvens, samt bruk av rammeavtaler (leverandørlojalitet).
- Innanfor terskelverdi 2 (anskaffingar mellom 100 000 og 1 300 000 kr eks mva) og terskelverdi 3 (anskaffingar over 1 300 000 kr eks mva) blei det valt ut seks tilfeldige leverandørfakturaer innanfor kvar av dei to terskelverdiane med til dømes kontroll av leverandørlojalitet, konkurranseutsetting, protokollføring, dokumentasjon og liknande krav i tråd med gjeldande lovar og forskrifter.

Riksrevisjonen har i dei seinare år hatt fokus på anskaffingsområdet, med særleg fokus på rammeavtaler og leverandørlojalitet. På bakgrunn av dette har internrevisjonen sett det som tenleg å utføre særskilte kontrollar på bruk av gjeldande rammeavtaler, samt påpeike aktuelle teneste- og produktgrupper der det kan vere grunnlag for å etablere nye rammeavtaler med bakgrunn i frekvens og omfang.

## 1.4 Revisjonskriterier

Revisjonskriteria baserer seg på anerkjente rammeverk for god verksemdstyring. Det har vært spesielt fokus på verksemda si gjennomføring av anskaffingar og etterleving av gjeldande lovkrav.

### A. Overordna målsetjing og regulatoriske rammer

- Korleis vert innkjøpsområdet vurdert som ein strategisk viktig del av overordna måloppnåing? Er det utarbeidd ein eigen innkjøpsstrategi, og korleis er denne forankra i verksemda sin overordna strategi? Er innkjøp inkludert i langtidsplanar?
- Er interne retningslinjer og rutinar på plass og oppdatert i tråd med gjeldande regelverk?

### B. Organisering og prosess for anskaffingar

- Korleis er prosess for innkjøp organisert?
- Er det tydeleg fordeling av roller og ansvar?
- Kva er fordelar og ulemper med dagens organisering?
- Har verksemda tatt i bruk bestillingssystem, og kor stor del av anskaffingane vert gjort gjennom systemet (flaskehalsar)?

### C. Internt miljø og risikovurdering

- Føreligg det risikomedvit i verksemda knytt til anskaffingsprosessen?
- Kva risikoar vert vurdert som størst?

### D. Kontroll, kvalitet og forbetring

- Er det etablert eit internkontrollsystem med retningslinjer og rutinar?
- Kva konkrete kontrolltiltak vert gjennomført for å sikre god internkontroll i anskaffingsprosessen i tråd med identifiserte risikoar som vert trekt fram av verksemda sjølv?
- Kva systemstøtte og etablerte IT-kontroller vert nytta for å sikre god etterleving?



NORD  
universitet



Høgskulen  
på Vestlandet



UiA  
Universitetet  
i Agder

- Korleis er prosessen knytt til å avdekke behovet for nye rammeavtaler?
- I kva grad opplever verksemda lojalitet knytt til bruk av rammeavtaler?

#### E. Informasjon og kommunikasjon

- Er informasjon om anskaffingsprosessen i form av rutinar og krav i regelverk tilgjengeleg og tilstrekkeleg, og vert dei kommunisert ut i verksemda?
- Kva tiltak er gjennomført for å auke del anskaffingar som vert gjort gjennom bestillingssystemet?

## 2.0 Observasjonar

### 2.1 Overordna målsetjing og regulatoriske rammer

#### Beskriving

HVL har ikkje innarbeidd innkjøpsområdet som ein eigen strategisk del av HVLs overordna strategi. HVLs leiing ser likevel på faggruppa innkjøp som ein viktig administrativ støttefunksjon i eit komplekst og lovregulert område, og gruppa vert sett på som eit viktig verktøy for korrekt handtering og for å overhalde lovverk.

HVL har pr i dag ikkje ein eigen innkjøpsstrategi. Den siste tida har HVL hatt fokus på operasjonell drift, men har som mål å utarbeide ein innkjøpsstrategi innan november 2020. Denne skal vere koplå mot den overordna strategien.

Hittil har ikkje innkjøp vore inkludert i HVL sine langtidsplanar, men i det planlagde arbeidet knytt til langtidsbudsjettering, vil innkjøp spele ei sentral rolle, særleg knytt til investeringar.

HVL har etablert gode retningslinjer og rutinar for anskaffingsprosessen som er oppdatert og i tråd med gjeldande regelverk.

#### Internrevisjonens vurdering

Internrevisjonen observerer at retningslinjer og rutinar er oppdatert og i tråd med gjeldande regelverk.

### 2.2 Organisering og prosess for anskaffingar

#### Beskriving

HVL har ei eiga faggruppe knytt til innkjøp som er organisert under Avdeling for økonomi. Denne faggruppa skal vere involvert i alle anskaffingar over 100 000 eks mva. Når det gjeld kjøp under 100 000 eks mva er alle tilsette potensielle innkjøparar ved at ein kan låne ein bestillarkode og få kjøpet godkjent av eigar av bestillarkoden og aktuell person med budsjettdisponeringsmynde. Faggruppa gjer i tillegg råd ved behov for kjøp under 100 000 eks mva. Godkjenning av bestillingar følger normal fullmaktsstruktur med arbeidsflyt gjennom attestant og anviser.



NORD  
universitet



Høgskulen  
på Vestlandet



UiA Universitetet  
i Agder

HVL har valt å samle faggruppa innkjøp på eitt campus (Bergen) for å bygge opp og skape eit solid fagmiljø. Etter HVL sitt syn ivaretek faggruppa alle fem campus på ein tenleg måte. Alternativet kunne ha vore å ha tilsette i innkjøpsavdelinga spreidd på ulike campus for å skape større fysisk nærleik til alle campus og tilsette.

HVL har tatt i bruk nytt bestillings- og fakturasystem som er implementert i store delar av sektoren (UBW), men har ikkje statistikk over kor stor del av anskaffingane som går via systemet pr i dag.

#### Ansvar og rolle

HVL har etablert ei eiga rådgjevande faggruppe knytt til innkjøp som er organisert under Avdeling for økonomi. Potensielt er alle innkjøparar ved HVL med eventuell bistand frå rådgjevande faggruppe.

#### Internrevisjonens vurdering

Internrevisjonens inntrykk er at HVL har etablert ein prosess for anskaffingar som ser ut til å fungere på ein god måte.

#### Anbefalte tiltak

- Få oversikt over kor stor del av anskaffingane som vert teke gjennom UBW på aktuelle konti og leverandørar. HVL kan vurdere å nyttiggjere seg i større grad av KPI-ar og statistikk for å støtte opp om avgjerder.
- Internrevisjonen vil anbefale at verksemda løpande informerer om nye rammeavtalar, at rammeavtaleoversikta til ei kvar tid er oppdatert og gjennomføre opplæring og kontrollar som sikrar endå betre rammeavtalelojalitet.

#### Ansvar

Avdeling for økonomi er orientert og følger opp tiltak.

## 2.3 Internt miljø og risikovurdering

#### Beskriving

Det er høg grad av risikomedvit ved HVL. Faggruppa innkjøp vurderer kunnskapsnivået i organisasjonen, samt ønsker om autonomi ute i organisasjonen, som dei største risikofaktorane.

Manglande kapasitet og tenleg system for kontraktsoppfølging vert av HVL trekt fram som ei utfordring. I tillegg opplever faggruppa innkjøp at behovshavarar i nokre tilfelle har bestemt seg for kva dei vil ha før innkjøpsrådgjevarane vert involvert. Det kan då vere krevjande for innkjøp å få gjennomslag for å vurdere alternativ dersom det føreligg. Det same gjeld i forhold til å vurdere rimelegare alternativ når behovshavar har fått tildelt ein viss sum midlar til formålet.

#### Internrevisjonens vurdering

Internrevisjonen vurderer risikomedvitet ved HVL som høgt, noko som vert reflektert gjennom eit veletablert internkontrollregime, samtalar med HVL og nøkkelkontrollar som er etablert.



NORD  
universitet



Høgskulen  
på Vestlandet



UiA Universitetet  
i Agder

### Anbefalte tiltak

Internrevisjonens inntrykk er at verksemda manglar ein etablert og formålstenleg prosess for god nok oppfølging av kontraktar. Dette vert trekt fram av faggruppa innkjøp ved HVL.

### Ansvar

Avdeling for økonomi er orientert og følger opp tiltak.

## 2.4 Kontroll, kvalitet og forbetring

### Beskriving

HVL har oversikt over lovar og forskrifter som gjeld for anskaffingsprosessen, noko som også vert reflektert i retningslinjer og rutinar for verksemda. Det er etablert kontrolltiltak for å sikre god internkontroll i anskaffingsprosessen. Dette omfattar å sikre etterleving av Lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrifter. Etablert kontroll vert gjennomført fire gongar pr år. Blant kontrolltiltaka trekker HVL fram at ein skal kontrollere lekkasje på rammeavtaler og grunnlag for etablering av nye rammeavtaler. Det vert gjennomført kontroll av bestillar mot bestillarfullmakt, kontroll av anskaffingar over 100 000 eks mva knytt til gjennomføring og at ein overheld krav som føreligg for dei ulike terskelverdiane, arkivering og stikkprøvekontroll av faktura mot kontrakt.

I tillegg har HVL etablert automatiske IT-kontrollar i UBW som omfattar stans i etterkontroll på bakgrunn av beløp, konto og leverandørgruppe. Dette for å sikre kontroll mot dei lovkrav som føreligg på området.

HVL opplever høg grad av lojalitet til rammeavtaler. Verksemda presiserer likevel at for nokre produkt- og tenestegrupper er det krevjande med detaljert kontroll, då det forutset at ein må kontrollere på bilagsnivå.

### Ansvar og rolle

Avdeling for økonomi har ansvar for å sjå til at tilfredsstillande kontrollregime er etablert.

### Internrevisjonens vurdering

Internrevisjonen vurderer at det er ei omfattande oppgåve å sikre at anskaffingsprosessen, med mange involverte personar, er godt ivaretatt. Dette fordrar at gode internkontrollrutinar er etablert og fungerer etter intensjonen.

Internrevisjonen avdekkar ikkje vesentlege avvik i samband med testinga ved HVL.

### Merknadar frå testing

- Testinga avdekkar fem tilfelle kor rammeavtale kunne vore vurdert.
- Testinga avdekkar eitt tilfelle av manglande dokumentasjon ift HVL sine eigne retningslinjer.
- Testinga avdekkar i fem av testane at andre leverandørar enn rammeavtaleleverandøren har vore nytta.

### Anbefalte tiltak

Internrevisjonen vil anbefale HVL å inkludere habilitetsvurdering i oppstartsskjemaet.



NORD  
universitet



Høgskulen  
på Vestlandet



UiA Universitetet  
i Agder

## Ansvar

Avdeling for økonomi er orientert og følger opp tiltak.

## 2.5 Informasjon og kommunikasjon

### Beskriving

Retningslinjer og rutinar er tilgjengeleggjort på HVL intranett (Vestibyen) som er HVL sin primære kommunikasjonskanal overfor tilsette når det gjeld innkjøp. Det som ligg på intranett er den mest nødvendige informasjonen. Meir djuptgåande retningslinjer ligg ikkje ute på intranett, men vert brukt av faggruppa innkjøp. HVL har hatt fokus på at tilgjengeleg informasjon på Vestibyen skal vere lett tilgjengeleg og lett forståeleg.

Faggruppa innkjøp nemner sjølv at dei burde ha drive meir opplæring av tilsette, men det ligg opplæringsvideoar på intranett.

HVL har valt å ta inn fleire leverandørar enn rammeavtaleleverandørane i innkjøpssystemet (UBW) som eit tiltak for auke delen kjøp gjennom systemet.

### Ansvar og rolle

Avdeling for økonomi.

### Internrevisjonens vurdering

Internrevisjonen finn det som ei tenleg tilnærming å ha målretta og tilpassa informasjon på intranett slik HVL har valt. Utarbeiding av korte videosekvensar gjer raskt svar på dei mest aktuelle spørsmåla som dei tilsette vil møte på i anskaffingsprosessen. Inntrykket er at dette er ein effektiv læringsform som vert nytta hyppig. Gjennom samtaler med HVL vert det framheva frå faggruppa innkjøp at ein burde hatt endå meir målretta opplæring av bestillarane. Internrevisjonen støttar denne vurderinga, og ein kan anta at dette ville kunne bidra til auka rammeavtalelojalitet.

### Anbefalte tiltak

- Konkret og obligatorisk opplæring retta mot aktuelle rollar i anskaffingsprosessen.

## Ansvar

Avdeling for økonomi er orientert og følger opp tiltak.

## 3.0 Fellestrekk hos dei reviderte verksemdene

Internrevisjonen ser at alle dei fire reviderte verksemdene har etablert eit internkontrollregime for revidert område og opptre i tråd med gjeldande regelverk.

Vårt inntrykk er at risikomedvit for revidert område er til stades hjå alle verksemdar, noko som vert reflektert gjennom etablert internkontrollregime og nøkkelkontrollar ved verksemdene.





NORD  
universitet



Høgskulen  
på Vestlandet



UiA Universitetet  
i Agder

Verksemdene peikte sjølv på at det er krevjande å fange opp alle sårbarheiter i etablert internkontroll og viser til dømes til kontraktsoppfølging og kontrollar på bilagsnivå som nokon av utfordringane.

Internrevisjonen ser at verksemdene i stor grad har etablert internkontroll som sikrar etterleving av etablerte rammeavtalar, men der ein likevel ser at verksemdene har behov for tett oppfølging og kontroll.

#### Vurdering i forhold til gjennomført revisjon i 2014

Internrevisjonen ser at alle dei reviderte einingane har styrka og utvikla innkjøpsfunksjonen sidan førre revisjon av anskaffingsprosessen. Internrevisjonen ser at verksemdene har innretta innkjøpsfunksjonen på ulike måtar som fungerer godt for kvar enkelt verksemd.

Til tross for endra regelverk, struktur og innretting, ser internrevisjonen tydeleg forbetring med omsyn til konkurranseutsetting uavhengig av terskelverdi og dokumentasjon.

Internrevisjonen ser at alle dei reviderte einingane har styrka og tatt grep i anskaffingsfunksjonen, men ser at det framleis hjå verksemdene er både behov for økt bemanning og opplæring av nøkkelpersonell.

Ein ser at det har vore eit auka fokus på rammeavtalar i verksemdene sidan førre revisjon. Til dømes har Riksrevisjonen hatt eit auka fokus på anskaffingsområdet over dei seinare åra gjennom sine revisjonar i sektoren, fellestilslutningar i sektoren og auka merksemd i media knytt til leverandørlojalitet på inngåtte rammeavtalar.

Auka bruk av tekniske hjelpemiddel i form av konkurranseverktøy og anskaffingssystem har bidratt til styrka internkontroll på anskaffingsområdet ved at oppbygginga av systema sikrar etterleving av regelverk, interne rutinar og leverandørlojalitet.

## 4. 0 Moglege forbetningspunkt

I dette kapittelet vil vi samle nokre tips til moglege forbetringar som vi gjennom revisjonen har sett at ei eller fleire av verksemdene praktiserer pr i dag, og som internrevisjonen tenkjer at fleire av verksemdene kan vurdere;

- Produsere og tilgjengeleggjere opplæringsvideoar på intranettet. Korte videosnuttar er eit lavterskeltilbod til tilsette som skal foreta anskaffingar, og som kan nyttiggjerast fleire gongar ved behov. Der dette allereie er tatt i bruk er dette godt motteke og ein opplever at det er ressurs-sparande.
- Legge inn saksnummeret frå arkivsystemet for aktuell avtale i bilagstekst- eller kommentarfeltet i fakturasystemet for at ein lettare kan finne tilbake til aktuelle saker til dømes i samband med internkontroll.



NORD  
universitet



Høgskulen  
på Vestlandet



UiA Universitetet  
i Agder

- 
- Finne ein einsarta struktur i arkivsystemet for merking av alle anskaffingar for at ein lettare kan finne tilbake til aktuelle saker til dømes i samband med internkontroll. Internrevisjonen opplever at det er behov for at verksemdene samlar all informasjon i arkivsystemet.
  - Opplæring, informasjon og kontrollar som sikrar endå betre rammeavtalelojalitet i verksemdene.

Til  
Jan Ove Henriksen / STAB - Virksomhetsstyring og internrevisjon

Vår ref.:  
17/03120-27

Dato:  
12.08.20

## Tilbakemelding på gjennomført internrevisjon av innkjøpsområdet

HVL tar revisjonens rapport til etterretning, og vil i det følgende kommentere de funnene som er gjort og de anbefalte tiltakene.

Internrevisjonen anbefaler at HVL utarbeider oversikt over hvor stor del av anskaffelsene som gjennomføres gjennom UBW, samt at en vurderer bruk av KPI'er for å støtte opp om avgjørelser. Dette er i stor grad et spørsmål om et strategiske og ressursallokering opp mot hvilken nytte HVL har av dette. Vi kan ikke se at økonomiavdelingen og antall regnskapsmedarbeidere er dimensjonert for en slik endring i dag, men dersom styret ønsker en utstrakt bruk av KPI'er, må vi foreta en ny vurdering av dette. Dette er i så fall en jobb som begynner på instituttnivå med en gjennomgående bevissthet rundt kontobruk og anskaffelse av system for behandling av data.

Internrevisjonen anbefaler at det løpende informeres om nye rammeavtaler, oppdatere rammeavtaleoversikten og sikre avtalelojalitet gjennom opplæring. HVL ser at dette er punkter som hører sammen og vi vil forbedre bekjentgjøringen av rammeavtaler på nettsidene og eventuelt lage egne nyhetssaker der dette er naturlig og av almen interesse.

Internrevisjonen fremholder at HVL mangler et etablert system for kontraktsoppfølging. Dette er vi klar over, men en forbedring på dette området krever ressurstilføring. HVL vil likevel se på hvilke forbedringer som kan gjøres innenfor de ressursrammer vi har.

Internrevisjonen anbefaler videre HVL å innta en habilitetsvurdering i oppstartsskjemaet. HVL er usikker på om dette er formålstjenlig. Oppstartsskjemaet er primært tatt i bruk for å sikre budsjettmessig dekning og ledelsesforankring i anskaffelsene ettersom det har vært noen tilfeller der det er lagt ned mye arbeid og så viser det seg at det likevel ikke er penger til anskaffelsen. Dersom hensikten med oppstartsskjemaet er en dypere kvalitetssikring av anskaffelsen og prosessen rundt dette, er det flere aspekter som må vurderes. Habilitetsvurdering er en side ved dette, men enkelte sider av habilitetsvurderingen kjenner en ikke før eventuelt tilbud har kommet inn og leverandørmassen er kjent. Det er videre eksempelvis ikke uvanlig at det har vært leverandørkontakt i forkant av anskaffelser. Dette kan diskvalifisere leverandører fra å gi tilbud og kan være et annet relevant aspekt i et oppstartsskjema. HVL er av den oppfatning at det på nåværende tidspunkt er viktigst å sørge for at det er en lav terskel for å initiere anskaffelser innenfor regelverkets system.

Internrevisjonen påpeker at HVL bør iverksette obligatorisk opplæring rettet mot de som har en rolle i anskaffelsesprosessen. Dette er et viktig tema og vi vil vurdere å få dette inn som en del av lederopplæringen, eventuelt å utarbeide kortere videoseanser om temaet.

Med hilsen  
Helge Skugstad      Børt Helge Carlsen

Direktør for økonomi og arealforvaltning

Fagansvarlig innkjøp

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.*

Til Styret

**Vår ref.:**  
17/03120-26**Dato:**  
23.06.20

## Sluttrapportering revisjon av fullmaksstruktur

Avdeling for økonomi har forenklet overordnet fullmaksstruktur i tråd med internrevisjonen sine anbefalinger. Det er også etablert periodiske gjennomganger av fullmaksstruktur og systemtilganger for å sikre samsvar mellom disse. Dette er beskrevet i egen rutine for internkontroll av fullmakter mot systemtilganger. Det er gjennomført formelle risikovurderinger for å sikre internkontrollen i arbeidet med fullmaksstruktur og systemtildelinger. Risikovurderingene gjennomføres årlig og dokumenteres i egne regneark.

Med hilsen

Karianne Bergheim

Avdelingsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.*

Filen ble ikke funnet. Den er enten slettet, eller sjekket ut.

Arkivsak-dok. 20/05965-1  
Saksbehandler Tage Båtsvik

Arkivkode.

Saksgang  
Høgskulestyret 2019-2023

Møtedato  
27.08.2020

**43/20-S**

## **VURDERINGAR AV ORGANISATORISKE/STRUKTURELLE ENDRINGAR FØR NESTE ÅREMÅLSPERIODE**

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Styret godkjenner oppstart av prosess for å gjere vurderingar knytt til organisatoriske og strukturelle endringar i samband med nye åremålsperiodar for perioden 2021 – 2025. Saka skal drøftast i styret i oktober og ha endeleg vedtak i februar 2021.

### **Samandrag**

Det skal tilsetjast i åremålsstillingar som dekan og prorektorar, med tilsetting frå 1.8.2021. Det vert foreslått å gjennomføre ein prosess for å vurdere organisatoriske og strukturelle tilhøve i HVL på fakultetsnivå og i rektoratet.

### **Vedlegg:**

Saka har ikkje vedlegg.

## Saksframstilling:

### Bakgrunn

Tilsetjing av ny rektor i september markerer at HVL snart har vore ein ny stor utdanningsinstitusjon i fire år. Det markerer også at dei andre åremålsstillingane snart skal lysast ut. Først av desse kjem utlysing av prorektorar og dekanar. Desse skal vere på plass 1.8.2021. Vidare vil det kome ein utlysningsrunde med hovuddelen av stillingane som instituttleiarar og andre i åremål på nivå 3 og 4 i fakulteta, som skal vere på plass 1.1.2022.

I første omgang vil vi gjennomføre ein prosess for å gje styret høve til å drøfte eventuell trong for organisatoriske og strukturelle endringar på prorektor og dekannivå.

### Typiske vurderingspunkt

Fusjonen som låg til grunn for etableringa av HVL hadde nokre sentrale mål. Desse er slegne fast i kongeleg resolusjon, fusjonsvedtak og strategidokument, og vert følgde opp i årsplanar og tiltak. Styret valde å søke å realisere desse måla gjennom å legge ansvar for delar av måloppnåinga til tre prorektorar og fire dekanar. Desse rollene speglar den strukturen som vart vald.

Vår organisasjonstype er kjenneteikna av at leiarar i faglege stillingar som oftast har åremål, sjølv om ein vert tilsett og ikkje vald. Det gir organisasjonen eit institusjonalisert høve til å sjå seg attende på kva som er oppnådd, og kva utfordringar som ligg framfor oss, og vurdere om tida er inne for å gjere justeringar eller større endringar.

Vi kan i alle fall peike på eit sett av ekstern og interne grunnar til å gjere slik vurdering:

- Vi skal bli universitet i kommande rektorperiode, og treng å sikre at vi har ein høveleg struktur for dette.
- NIFU-rapporten peikte på ein organisasjon som etterlyser tydelegare strukturar og roller.
- Digitaliseringa held fram med å påverke alle delar av vårt samfunnsoppdrag.
- Koronapandemien endrar den internasjonale utdanningsindustrien: menneskeleg, finansielt og teknologisk.

Det er såleis grunn til å utvikle eit avgjerdsgrunnlag for å etablere semje om korleis HVL best mogeleg bør strukturerast og leiast, for å levere undervisning og forskning med høg kvalitet, og med ein profil som er i samsvar med vedteken strategi. Rolleforventninga til ny rektor uttrykker nokre av dei utfordringane som ligg framfor oss, og er eit godt inntak til denne prosessen

Vi ser ikkje grunn til å gjennomføre omfattande ny datainnsamling. Vi vil nytte eksisterande dokument og gjennomføre samtalar med dei mest sentrale aktørane for å identifisere synsmåtar om behov for endring eller stabilitet. Vi har grunnlaget delvis i form av årlege vurderingar i samband med årsplanar, og vi har det i NIFU-rapporten. Våre leiarar, tilsette og tillitsvalde har sine oppfatningar av behov for justeringar, og våre omgjevnader har sine forventningar.

Det vil bli satt saman eit diskusjonsgrunnlag for styret til oktobermøtet, slik at styret kan ta del i formuleringa av behov for endringar i struktur eller rolleinnhald. Det gjeld både i prorektor- og dekanansvarsområde. Det er også naturleg at ein ser på fordeling av ansvar og funksjonar i samspelet mellom prorektorar og direktørar.

For prorektorrollene er utgangspunktet for vurderinga både den faglege innramminga i form av funksjonsansvaret– utdanning, forskning og samhandling – og det nærregionansvaret som ligg til rollene. I samband med universitetsprosjektet vert t.d. campus halde fram som eit viktigare omgrep enn nærregion. Vi må vurdere om korleis dette best kan ivaretakast.

For dekanane er fakultetsorganiseringa utgangspunktet for å levere på mål. Dekanane må få høve til å gjere sine synsmåtar kjente med tanke på korleis dei opplever at både fakultetsinterne oppgåver er ivaretekne, korleis HVL balanserer faglege behov og korleis dei vurderer at dei oppgåvene som krev tverrfakultære løysingar er ivaretekne.

### **Prosess**

Vi vil legge opp ein prosess som både sikrar nødvendig forankring i organisasjonen, og tilstrekkeleg framdrift i arbeidet. Eit konkret mandat, og ein meir detaljert framdriftsplan for arbeidet vert utarbeida i etterkant av styremøtet.

Styret vil få eit sakgrunnlag til møtet i oktober, som grunnlag for drøfting av tenelege organisasjonsløyningar på fakultetsnivå og leiarroller i rektoratet. Styret får endeleg sak til handsaming i februar 2021.

### **Rektor si vurdering**

Med ein nært føreståande ny åremålsperiode for dekanar og prorektorar vil det vere naturleg å gjere ei vurdering av organisatoriske tilhøve på fakultetsnivå, og innhaldet i leiarrollene i rektoratet. Dette med tanke på å vurdere om det er behov for å gjere endringar eller justeringar i struktur eller roller. Vi må då sjå behovet for endringar opp mot ambisjonen om å bli eit universitet, og dei tilrådingane om klargjering av struktur og roller NIFU-rapporten peika på.



Dette punktet på sakslisten er unntatt offentlighet iht.: Offl §13 jfr Fvl §13.1



## Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 20/05881-1  
Saksbehandler Karin Stormo

Arkivkode.

Saksgang  
Høgskulestyret 2019-2023

Møtedato

**O-32/20**

### **OPPTAK 2020 - STATUS VED STUDIESTART**

#### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Styret tar saken til orientering.

#### Sammendrag

Styret blir i denne saken orientert om antall studenter som gjennomførte digital møttregistrering mandag 10.august. Orienteringen gjelder for studieprogram som har vært utlyst i Samordna opptak.

#### **Vedlegg:**

Vedlegg 1 oversikt over møtt Samordna opptak

Vedlegg 2 oversikt over sommerkurs på FIN

## Saksframstilling:

### Bakgrunn:

Offisiell studiestart ved Høgskulen på Vestlandet var i år mandag 10. august med digital møtt-registrering denne dagen for alle studier som har hatt opptak via Samordna opptak. Studiestedene Haugesund, Stord, Førde og Sogndal hadde i tillegg fysisk fremmøte for alle nye studenter mandag 10. For å kunne overholde smittevernreglene på studiested Bergen ble det fysiske fremmøtet spredt over tre dager.

I år registrerte 4189 studenter seg digital mandag 10. august. Dette er en betraktelig oppgang fra 2019 hvor vi hadde 3725 møtte. I 2019 hadde vi tradisjonell, fysisk oppmøtereregistrering og det er grunn til å tro at den digitale møtt-registreringen har gjort det noe enklere å registrere seg for de som er usikre på veien videre. Tross gode møtt-tall valgte likevel mange av utdanningene med venteliste å gi tilbud til noen flere slik at de kan fylle måltallene selv om det skulle bli en del frafall utover høsten.

Opptaket 2020 har vært et opptak preget av mye usikkerhet. HVL hadde en økning av antall søkere i hovedopptaket. Tendensene fra tidligere år forsterket seg, det er spesielt studiene innen helse- og sosialfag som er populære, mens flere av ingeniørstudiene våre ikke fyller studieplassene. Også utfordringene med rekruttering til grunnskolelærerutdanningene er de samme som de siste årene. Samtidig følger HVL den nasjonale tendensen ved at vi må gi mange tilbud om opptak for å få det antallet studenter det er planlagt for. Enhet for opptak og rekruttering bruker statistikk fra tidligere års opptak for å vurdere hvor mange tilbud som skal gis, og gjør dette i samråd med fakultetene. Årets store spørsmål var hvordan pandemien ville slå ut på ja-svar – og i neste omgang møtt-tall. Det er for tidlig å trekke noen slutninger på konsekvenser av pandemien fordi situasjonen i Norge har vært veldig ulik på de tre ulike milepælsdatoene i opptaket. Norge var mer eller mindre stengt da søkerfristen gikk ut 15. april, det rådet optimisme da hovedopptaket ble gjort kjent 20. juli og ved studiestart så ser man nå en økning i antall smittetilfeller og smittevernregler endrer seg fra dag til dag.

HVL har fortsatt noen studier ute på ledige studieplasser. Erfaringsmessig gis det mange tilbud nå, men det er få nye studenter som møter opp.

Opptak til to-årige masterutdanninger og videreutdanninger har oppstart utover i august og september, og styret vil få en fyldigere rapport om hele opptaket senere i høst.

### Kort om de ulike fakultetene

Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN) følger mye av tendensene fra tidligere år. Men fakultetet hadde flere studenter som registrerte seg i år enn i fjor, 857 i år mot 763 i 2019. Ingeniørstudiene i data, bygg, elkraftteknikk, marinteknikk og automatisering med robotikk – alle i Bergen er studier der studieplassene fylles. Med det er flere studieprogram med lave søkertall og der vi ikke fyller studieplassene.

Studieprogram med venteliste ga nye tilbud i suppleringsopptaket 11.8. Merk at for studieprogrammene i Haugesund og Førde som tilbyr tresemestersordning og y-veg kommer tallene i vedlegg to i tillegg.

Søkertallene for studieprogram på Fakultet for helse – og sosialvitenskap (FHS) har i flere år vært gode og har gode møtt-tall. Selv om flere studieprogram fikk godt oppmøte ble det supplert med flere i etterfyllingsopptaket til Samordna opptak tirsdag 11.august.

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS) fyller opp mange studieplasser. Spesielt studiene innen økonomi har et stort overopptak, fordi det erfaringsvis er stort frafall. Det har per i dag ikke blitt etterfylt på disse studieprogrammene. Vi ser her at de fleste studieprogrammene som ikke fyller plassene sine er de samme som i fjor.

I år som i fjor er det store variasjoner på Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett (FLKI). Flere studieprogram, spesielt i Bergen, fyller plassene mens det på Stord og i Sogndal står en del ledige plasser. I år ble det ikke arrangert forkurs i matematikk for søkere til grunnskolelærerutdanningen, som har vært ett av de nasjonale tiltakene for å øke antallet kvalifiserte søkere til grunnskolelærerutdanningen.

### **Rektor sin vurdering:**

Høgskulen på Vestlandet har fortsatt gode søkertall og fyller mange studieplasser. I år som i fjor følger vi all hovedsak nasjonale trender når det gjelder hvilke studier som søkes og med å gi mange tilbud. Selv om det jevnt over er flere som har møtt til studiestart, er det de studieprogrammene som ikke fylte plassene i fjor som heller ikke gjør det i år.

Utviklingen av studieporteføljen er en del av det strategiske arbeidet til HVL. Dette arbeidet har fra studieåret 2021/2022 fått tydeligere rammer og en justert fremdriftsplan, slik at kvaliteten i dette arbeidet økes ytterligere. På rekrutteringsområdet er Avdeling for kommunikasjon og samhandling sammen med Avdeling for studieadministrasjon straks i gang med å gjennomgå alle aktiviteter og rutiner knyttet til studentrekruttering – et arbeid som vil gjøres i tett samarbeid med fakultetene. Målet er at disse tiltakene vil bidra til at vi både strategisk og operativt kan lykkes bedre i arbeidet med studentrekruttering, og at vi kan få belyst ulike problemstillinger.

Studiekode	Studiumhandboknavn	Campus	Fakultet	Planlagte studie-plasser (pr. 20. juli)	Søkere (Pr. 15. april)	Førstevalg (Pr. 15. april)	Søkere tilbud (Pr. 20 juli)	Tilbud sendt totalt (Pr. 11.august)	Møtt pr. 10 august	Møtt i forhold til studie-plasser
203 002	Ingeniør, brannsikkerhet	Haugesund	FIN	35	161	25	9	18	10	28,6 %
203 003	Ingeniør, bygg, Bergen	Bergen	FIN	130	771	165	188	193	142	109,2 %
203 004	Ingeniør, data	Bergen	FIN	100	717	137	150	160	110	110,0 %
203 005	Ingeniør, automatisering med robotikk, Førde	Førde	FIN	30	56	4	4	14	5	16,7 %
203 006	Ingeniør, elkraftteknikk, Bergen	Bergen	FIN	40	226	45	45	91	45	112,5 %
203 009	Ingeniør, kjemi	Bergen	FIN	30	163	11	22	59	25	83,3 %
203 011	Ingeniør, marinteknikk	Bergen	FIN	30	333	37	49	65	34	113,3 %
203 012	Ingeniør, maskin, Bergen	Bergen	FIN	50	376	53	51	93	44	88,0 %
203 017	Ingeniør, automatisering med robotikk, Bergen	Bergen	FIN	50	453	77	81	81	63	126,0 %
203 024	Ingeniør, elektronikk	Bergen	FIN	40	278	26	24	78	27	67,5 %
203 028	Ingeniør, cyberfysisk nettverksteknologi	Bergen	FIN	30	268	21	24	65	22	73,3 %
203 034	Ingeniør, maskin, Haugesund	Haugesund	FIN	35	90	15	7	10	6	17,1 %
203 045	Ingeniør, produksjonsteknikk	Bergen	FIN	30	165	26	21	38	15	50,0 %
203 047	Ingeniør, HMS	Haugesund	FIN	30	137	25	11	20	7	23,3 %
203 050	Sykepleie, Bergen, høst	Bergen	FHS	190	4613	1121	350	370	206	108,4 %
203 051	Sykepleie, Førde, deltid, høst	Førde	FHS	0	188	36	0			0
203 052	Sykepleie, Førde, vår	Førde	FHS	50	868	75	109	111		0,0 %
203 053	Sykepleie, Stord, høst	Stord	FHS	97	1282	145	180	184	112	115,5 %
203 054	Sykepleie, Førde, høst	Førde	FHS	89	1488	169	140	146	95	106,7 %
203 056	Sykepleie, Haugesund, høst	Haugesund	FHS	120	1480	257	180	204	126	105,0 %
203 060	Vernepleie, Bergen	Bergen	FHS	70	1955	383	115	147	75	107,1 %
203 061	Vernepleie, Sogndal, deltid	Sogndal	FHS	0	138	24	0			0
203 062	Vernepleie, Sogndal	Sogndal	FHS	30	1012	98	60	109	41	136,7 %
203 070	Barnevern	Sogndal	FHS	50	1101	85	100	115	50	100,0 %
203 072	Ingeniør, elkraftteknikk, Førde	Førde	FIN	0	36	9	0			0
203 080	Sosialt arbeid, Bergen	Bergen	FHS	70	2276	506	105	119	70	100,0 %
203 081	Sosialt arbeid, Sogndal	Sogndal	FHS	45	1000	116	90	90	64	142,2 %
203 083	Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, samfunnsfag, Stord	Stord	FLKI	12	146	27	18	18	13	108,3 %
203 084	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, samfunnsfag, Stord	Stord	FLKI	18	117	18	10	22	8	44,4 %
203 090	Ingeniør, automatisering med robotikk, Haugesund	Haugesund	FIN	30	90	13	9	18	6	20,0 %
203 096	Ingeniør, havteknologi	Bergen	FIN	45	381	46	56	100	40	88,9 %

203 130	Barnehagelærer, Bergen	Bergen	FLKI	280	1432	244	480	485	299	106,8 %
203 135	Barnehagelærer, Stord	Stord	FLKI	65	366	73	117	119	71	109,2 %
203 157	Faglærer i musikk, Stord	Stord	FLKI	10	34	3	1	4	3	30,0 %
203 170	Engelsk, Sogndal	Sogndal	FLKI	30	102	20	24	163	26	86,7 %
203 179	Historie, årsstudium	Sogndal	FØS	20	89	13	15	119	21	105,0 %
203 185	Idrett, Sogndal	Sogndal	FLKI	20	423	50	80	86	33	165,0 %
203 203	Folkehelsearbeid	Bergen	FLKI	30	672	78	66	77	27	90,0 %
203 242	Samfunnsfag, Sogndal	Sogndal	FØS	20	116	20	23	124	32	160,0 %
203 246	Jus	Sogndal	FØS	30	551	50	80	89	26	86,7 %
203 302	Friluftsliv	Sogndal	FLKI	25	563	81	66	66	27	108,0 %
203 310	Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur	Sogndal	FIN	30	434	50	80	94	27	90,0 %
203 317	Natur- og opplevelsesbasert reiseliv	Sogndal	FØS	25	207	32	40	97	29	116,0 %
203 330	Reiselivsledelse	Sogndal	FØS	25	253	19	48	167	32	128,0 %
203 351	Ungdomssoiologi	Sogndal	FØS	25	282	35	80	80	33	132,0 %
203 353	Nautikk	Haugesund	FØS	38	357	69	90	108	30	78,9 %
203 368	Eiendomsmegling	Sogndal	FØS	40	776	83	150	175	35	87,5 %
203 369	Økonomi og administrasjon, Bergen	Bergen	FØS	165	2926	561	360	367	219	132,7 %
203 395	Informasjonsteknologi, Bergen	Bergen	FIN	60	745	104	103	115	61	101,7 %
203 404	Økonomi og administrasjon, Haugesund	Haugesund	FØS	90	609	124	213	221	120	133,3 %
203 414	Økonomi og administrasjon, Haugesund, deltid	Haugesund	FØS	30	365	98	90	96	41	136,7 %
203 439	Drama og anvendt teater	Bergen	FLKI	24	97	9	5	62	14	58,3 %
203 440	Faglærer i kroppsøving og idrettsfag	Bergen	FLKI	32	770	116	56	67	31	96,9 %
203 445	Barnehagelærer, Sogndal	Sogndal	FLKI	40	332	45	72	73	48	120,0 %
203 466	Tegnspråk og tolking	Bergen	FLKI	24	246	47	48	48	29	120,8 %
203 469	Geologi og geofare	Sogndal	FIN	30	216	31	43	63	33	110,0 %
203 481	Historie, bachelor	Sogndal	FØS	20	60	3	10	56	7	35,0 %
203 485	Idrett og kroppsøving	Sogndal	FLKI	25	299	42	77	77	25	100,0 %
203 486	Idrett, fysisk aktivitet og helse	Sogndal	FLKI	25	390	29	87	87	25	100,0 %
203 505	Kunst og håndverk	Stord	FLKI	20	83	21	29	70	20	100,0 %
203 509	Personlig trener	Sogndal	FLKI	20	544	69	77	77	24	120,0 %
203 513	Historie, bachelor, nettbasert	Sogndal	FØS	25	148	25	45	45	24	96,0 %
203 515	Økonomi og administrasjon, Sogndal	Sogndal	FØS	60	491	77	130	130	74	123,3 %
203 517	Grunnskolelærer, 5.-10., kroppsøving, Stord	Stord	FLKI	12	115	13	11	22	9	75,0 %

203 518	Grunnskolelærer, 5.-10., kunst og håndverk, Stord	Stord	FLKI	12	44	3	2	8	2	16,7 %
203 519	Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, naturfag	Sogndal	FLKI	16	129	10	20	20	11	68,8 %
203 520	Grunnskolelærer, 5.-10., kroppsøving, Sogndal	Sogndal	FLKI	16	198	24	17	30	10	62,5 %
203 521	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, kroppsøving, Stord	Stord	FLKI	18	100	11	8	22	7	38,9 %
203 522	Grunnskolelærer, 1.-7., kunst og håndverk, Stord	Stord	FLKI	18	62	10	5	13	4	22,2 %
203 523	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, naturfag, Sogndal	Sogndal	FLKI	12	91	6	4	9	4	33,3 %
203 524	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, kroppsøving, Sogndal	Sogndal	FLKI	12	124	9	18	18	14	116,7 %
203 526	Økonomi og jus	Sogndal	FØS	30	467	27	90	90	25	83,3 %
203 529	Barnehagelærer, Bergen, deltid	Bergen	FLKI	47	444	104	125	129	47	100,0 %
203 547	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, kroppsøving, Bergen	Bergen	FLKI	34	539	69	50	51	39	114,7 %
203 548	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, musikk	Bergen	FLKI	13	105	14	11	47	19	146,2 %
203 550	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, samfunnsfag, Bergen	Bergen	FLKI	38	448	63	52	52	43	113,2 %
203 551	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, engelsk, Bergen	Bergen	FLKI	34	336	57	54	54	45	132,4 %
203 557	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, naturfag, Bergen	Bergen	FLKI	30	353	28	46	46	33	110,0 %
203 559	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, KRLE	Bergen	FLKI	14	239	19	19	34	23	164,3 %
203 560	Grunnskolelærer, 5.-10., kunst og håndverk, Bergen	Bergen	FLKI	13	153	9	15	37	16	123,1 %
203 564	Grunnskolelærer, 1.-7., kunst og håndverk, Bergen	Bergen	FLKI	13	164	15	18	21	8	61,5 %
203 567	Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, engelsk, Bergen	Bergen	FLKI	30	354	47	46	47	37	123,3 %
203 569	Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, KRLE	Bergen	FLKI	22	278	21	39	39	27	122,7 %
203 590	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, engelsk, Sogndal	Sogndal	FLKI	12	82	11	8	19	6	50,0 %
203 599	Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, mat og helse	Bergen	FLKI	13	177	18	15	15	13	100,0 %
203 613	Historie, årsstudium, nettbasert	Sogndal	FØS	20	432	98	60	60	39	195,0 %
203 623	Engelsk, Stord	Stord	FLKI	25	94	20	22	120	22	88,0 %
203 639	Faglærer i musikk, Bergen	Bergen	FLKI	10	127	26	12	14	12	120,0 %
203 649	Idrett, Stord	Stord	FLKI	25	169	24	59	60	31	124,0 %

203 651	Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, engelsk, Sogndal	Sogndal	FLKI	18	114	11	9	17	8	44,4 %
203 655	Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, matematikk	Bergen	FLKI	34	511	73	56	57	37	108,8 %
203 657	Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, samfunnsfag, Bergen	Bergen	FLKI	38	641	76	60	30	44	115,8 %
203 658	Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, norsk	Bergen	FLKI	32	288	32	46	46	34	106,3 %
203 659	Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, mat og helse	Bergen	FLKI	13	167	15	18	24	16	123,1 %
203 660	Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, musikk	Bergen	FLKI	13	138	15	19	20	13	100,0 %
203 667	Musikk	Stord	FLKI	20	38	6	9	26	4	20,0 %
203 675	Ingeniør, bygg, Førde	Førde	FIN	30	96	14	9	22	12	40,0 %
203 680	Samfunnsfag, Stord	Stord	FLKI	30	69	14	20	112	25	83,3 %
203 700	Ergoterapi	Bergen	FHS	40	1252	135	96	96	54	135,0 %
203 701	Radiografi	Bergen	FHS	40	1298	159	97	98	49	122,5 %
203 702	Bioingeniør	Bergen	FIN	52	1155	168	86	90	52	100,0 %
203 703	Fysioterapi	Bergen	FHS	85	2997	557	160	180	84	98,8 %
203 753	Landmåling og eiendomsdesign	Bergen	FIN	40	744	143	100	112	48	120,0 %
203 822	Ingeniør, energiteknologi	Bergen	FIN	45	342	27	36	81	31	68,9 %
203 829	Informasjonsteknologi, Førde	Førde	FIN	30	150	17	26	52	22	73,3 %
203 835	Fornybar energi	Sogndal	FIN	40	470	46	90	102	34	85,0 %
203 927	Sosiologi - ungdomssosiologi	Sogndal	FØS	30	356	15	80	83	32	106,7 %
									4152	



## Vedlegg 2: Tall for tresemestersordning og y-veg

Opptakstudieprogram	1.pri søkere	Møtt	Bestått pr 13.08*
203.1106 Branningeniør tresemesterordning - Haugesund Haugesund	26	7	5
203.1107 HMS-ingeniør tresemesterordning - Haugesund Haugesund	23	5	2
203.1108 Maskiningeniør tresemesterordning - Haugesund Haugesund	26	13	7
203.1109 Automatisering med robotikk y-vei - Haugesund Haugesund	33	14	8
203.1113 Automatisering med robotikk tresemesterordning - Haugesund Haugesund	13	2	3
203.1117 Automatisering med robotikk tresemesterordning - Førde Førde	10	4	4
203.1119 Byggingeniør tresemesterordning - Førde Førde	26	6	5
203.1120 Automatisering med robotikk, y-vei - Førde Førde	14	7	7
203.1122 Byggingeniør, y-vei - Førde Førde	19	3	2

Ny kontekstsamen 24.august for de som ikke bestod første forsøk



## Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 20/05910-1  
Saksbehandler Endre Laastad

Arkivkode. 032

Saksgang  
Høgskulestyret 2019-2023

Møtedato  
27.08.2020

**O-33/20**

### **STATUS FOR REHABILITERINGS- OG BYGGEPROSJEKTER VED HVL**

#### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Styret tar saken til orientering.

Sammendrag:

Oversikt og kostnader knyttet til ulike prosjekter og tiltak innen rehabilitering, bygg og anlegg ved HVL.

#### **Vedlegg:**

Ingen vedlegg

## Saksframstilling:

### Bakgrunn for saken

Styret får her en oversikt over en rekke rehabiliteringsprosjekter og andre prosjekter i drift som er/blir startet opp i 2020. Noen av prosjektene har fått delfinansiering gjennom ekstraordinær tildeling fra KD etter egen søknadsprosess. Andre har vært planlagt over tid, og med den rammen styret satt av til campusutviklingstiltak for 2020 og mindreforbruk innenfor drift og areal, var det rom for å sette i gang mange tiltak i år. En beskrivelse og kostnadsramme for vært tiltak følger under.

### Stord

Kafearealer/ tidligere bokhandel areal.

Prosjektet er utarbeidet i samarbeid med Sane interiørarkitekter og Sammen.

Konseptet skal gjenspeile at Stord er en øy på Vestlandet omringet av hav.

Prosjektet og interiør skal bygge på friske, klare farger hentet fra havet og Norges korallrev.

Rehabilitering av kafearealer og tidligere areal til bokhandel har pågått gjennom sommerferien. Prosjektgjennomføringen til nå har gått som planlagt. Prosjektet er på grunn av Covid 19, ressurskapasitet og bestillingstid, blitt delt opp i en tre-trinns prosess. Trinn 1, ombygging, er gjennomført og en midlertidig kafeløsning med eksisterende utstyr ble operativ f.o.m fredag 07.08.2020. Trinn 2, omfatter bestilling og levering av kjøkken til Sammen. Dette er satt i bestilling og vil bli levert i løpet av høst/vinter 2020. Pr nå er spiseareal møblert med eksisterende bord/stoler. Disse skal skiftes ut og et møbelforslag sammen med interiørarkitekt vil bli gjennomført i august/september. Møbelforslag vil bli presentert i campusrådet. Forventet levering og ferdigstilling ila november.

Prosjektet har en økonomisk ramme på 6 millioner, hvorav kr 2 mill. er nye KD-midler til oppgradering. HVL har i tillegg budsjettet med kr 1, 5 mill. til møbler og inventar.

### Granheim – UU tilpasning

Prosjekt på studentbygget som skal bedre universell utforming og tilkomst til de ulike etasjene i studenthuset. Prosjektet har fått egne midler via Statsbygg. Prosjektet er prosjektert med ulike løsninger. Pr i dag er ikke videre tiltak påbegynt. Oppstart er berammet til medio september og planlagt ferdigstilt 31.12.2020.

### Haugesund

#### Nybygg/ombygging Haugesund

Beskrivelse av prosjekt: Nybygg og ombygging av eksisterende bygg i Haugesund med en ramme på inntil 4 500m<sup>2</sup>. Formålet med prosjektet er å samlokalisere høgskolens aktiviteter i Haugesund ved å sanere mindre leieforhold i privatmarkedet og å flytte simulatorsenteret til nybygget. Ombygging av eksisterende areal i tilknytning til nybygg gir mulighet for å legge til rette for et mer effektivt studie- og læringsmiljø, samt en mer tidsmessig og arealeffektiv utforming av arbeidsplassene.

Status: Prosjektet bygger på en rom- og funksjonsanalyse utarbeidet av Statsbygg i februar 2017, samt konseptvalgnotat utarbeidet av Statsbygg i mai 2019. Høgskolen sendte bestillingsbrev på oppstart forprosjekt (OPS) i januar 2020 og Statsbygg har utnevnt prosjektleder. Brukerutvalg og styringsgruppe for prosjektet vil bli utnevnt i august/september.

Planlagt ferdigstilt: Normal prosjektlengde for denne type prosjekt vil være 4-5 år. Det vil si ferdigstilling 2024/2025. Styret har ikke gjort endelig vedtak i saken, det vil skje når saken kommer til behandling med de konkrete planer for utbygging og kostnadsramme.

### **Sogndal**

Prosjekt SimArena (ferdighetstrening) i Sogndal er igangsatt og etableres i Fossbygget 3 etg. Prosjektet er en utvidelse av dagens sykepleierlab fra 3 sengeplasser til om lag 9. Det legges opp til å etablere eget medisinerom, et skyllerom, samt garderobearealer for oppbevaring av klær, der studentene skal skifte til hvitt. Prosjektet ferdigstilles i midten av september og har en kostnadsramme kr 1,4 mill. I tillegg kommer om lag kr 450 000 til innkjøp av møbler og inventar.

### **Førde**

Det er igangsatt prosjekt med ny resepsjon i Førde. Det er utarbeidet to nye løsningsforslag. Disse to forslagene skal presenteres i neste campusrådsmøte. Prosjektet har kostnadsramme på kr 0,5 mill. Prosjekt er planlagt ferdigstilt innen utgangen av 2020.

### **Lettbygget**

Prosjektet omfatter rehabilitering av dagens paviljongbygg på campus. Prosjektarbeidet er igangsatt og tildelt prosjektleder med oppfølging fra utviklingsenheten ved HVL. Det iverksettes prosjektmøter medio september med huseier og kommune. Nytt og rehabilitert bygg, vil erstatte Teffre-bygget som opphører 31.12.2021. Prosjektet er delfinansiert med kr 3 mill. i KD- midler til oppgradering, samt ytterligere kr 3,2 mill. fra HVLS eget budsjett.

### **Kafe**

Prosjekt opparbeiding av kafe og vrangleareal er under oppstart. Det har vært avholdt møter med Sammen og interiørarkitekt Sane. Prosjektet er budsjettert til om lag kr 4,6 mill. og vil inneha ny barista-løsning, enkelt utsalg av kontorrekvisita, nye disk og serveringslinjer og møbler i spiseareal. Forslag til løsning vil bli presentert for campusrådet i løpet av høsten. Ferdigstilling januar 2021.

### **Bergen**

#### **Kronstad**

I Bergen har det pågått et prosjekt tilknyttet bibliotek på Kronstad. I forbindelse med fraflytting fra Møllendalsveien har man samlokalisert disse to bibliotekene. Prosjektet har bestått av utvidelse, omdisponering av areal og ny møblering. Det meste av elektroarbeidet er ferdig, men det mangler en del møblering. Arbeidet er planlagt ferdigstilt ved utgangen av august 2020. Prosjektet har en økonomisk ramme på kr 1,8 mill. inkludert øvrige oppgraderinger i K1.

#### Grov-lab O-bygget Kronstad:

Prosjektet er igangsatt og byggesøknad er sendt Bergen kommune. Statsbygg følger opp søknaden som byggeier og tilbakemelder fremdrift. Planlagt ferdigstilling ved positivt vedtak er ved utgangen av 2020. Prosjektet har en stipulert kostnadsramme på kr 2 mill.

#### Miljø-lab K1 D239:

Prosjektet avventer tilbakemelding fra Statsbygg på mulig oppgradering av ventilasjon/ avtrekk. Instituttet har investert i utsyr. Ferdigstilling pr i dag er ikke stadfestet. Kostnadsrammen er budsjettet til kr 0.7 mill.

I forbindelse med samlokalisering, ble dokumentensenteret plassert inn i K1, 6 etg sammen med IT. I den forbindelse ble det vurdert som nødvendig å tilpasse arealene noe med flere stillerom. HVL har fått prosjektert løsning og innhentet prisoverslag for ombyggingen. HVL venter nå på en avklaring med Statsbygg og en tilbakemelding på eventuell oppstartsdato. Prosjektet er planlagt ferdigstilt oktober/ november 2020.

#### Fabrikkgaten 5

HVL har våren/sommeren 2020 ombygget arealene i Fabrikkgaten 5, tidligere studentlesesaler, til 36 nye landskapsplasser for stipendiater. Prosjektet har bestått av oppgradering/fornyning av flater, elektrotilpasning, utvidelse av kjøkken/sosialsoner samt ny møblering. Prosjektet med en kostnadsramme på om lag kr 1,2 mill., ble ferdigstilt juni 2020.

#### Skålevik

ADU har våren 2020 gjennomført innkjøp og innstallering av nytt adgangskontrollanlegg (ca 40 kortsentraler montert) ved dykkerutdanningen i Skålevik. Pr i dag gjenstår mindre justering og tilpasning. Kostnadsramme for prosjektet er på om lag kr 1,7 mill. Prosjektet ferdigstilles august 2020.

#### K2 – Nybygg Bergen

Beskrivelse av prosjekt: Nybygg, undervisnings- og kontorbygg. 14 300m2 BRA. Status: Bygget ble overtatt for prøvedrift 02.04.2020. Ansatte fikk tilgang i juni 2020, og studenter tok bygget i bruk 10.08.2020. Bygget fungerer i all hovedsak godt. Det gjenstår utbedring av mindre feil og mangler. Prosjektet har et budsjett på brukerstyr på kr 96 MNOK (ink. mva). Det gjenstår fortsatt mindre innkjøp for å korrigere forhold som har dukket opp etter at bygget nå er tatt i bruk. Prosjektet vil holde seg innenfor budsjett.

#### Klimahus Bergen

Prosjektet omfatter oppgradering av utvendig areal og etablering et klimarom ved campusen. Planlagt størrelse er anslått til å ligge mellom 45 og 65 m2, og omfatter ombygging/ flytting av dagens drivhus på tomtens sørside. Bygget er tenkt tilført energi fra pågående prosjekt/forskningsprosjekt tilknyttet solfangst. Etablering av anlegget vil muliggjøre en samhandling i utdanning mellom fagansatte og studenter på tvers av fakultet og profesjonsutdanninger som ikke tidligere har vært mulig. Prosjektet er tildelt prosjektleder og har en budsjetttramme på kr 3 mill., hvorav kr 1,5 mill. er friske midler tildelt av KD.

## Alrek

Prosjektet omfatter leie av nye arealer i HCÅ. HVL har tegnet leiekontrakt for 10 år, med rett til å forlenge leieperioden i en periode på 5 nye år med de samme vilkår. Leieobjektet består av kontorarealer, landskapsplasser, sosiale soner og omsorgslab. Areal utgjør 1035 m, hvorav eksklusivt areal utgjør 612 m<sup>2</sup>. Prosjektet har omfattet brukervedvirkning i byggeperiode, teknisk oppfølging, samt møblering. HVL overtok lokalene fra byggeier UIB, 11.8.2020 og ble tatt i bruk av de ansatte ved FHS 12.8.20. Prøveperiode og innregulering vil pågå i ukene fremover. Prosjektet er tildelt kr 0,6 mill. til innkjøp av møbler og inventar.

Avvikling av leide lokaler i Bergen.

I forbindelse med innflytting til K2 har HVL avviklet 2 leieforhold i privatmarkedet. Bjørnsonsgate 29 (Backer eiendom as) er avviklet og tilbakelevert 31.07.2020. Møllendalsveien 6-8 (Entra as) er avviklet og med plan om tilbakelevering senest 1.9.2020. Begge avviklingene er håndtert med bistand fra Totalreform og er fri for tilbakestillingsplikt.

## Fellesprosjekter

Felles adgangssystem ved HVL

ADU har i løpet våren 2020 nedsatt et prosjekt i driften for å få til en løsning hvor alle studenter/ansatte kan få tilgang på de ulike campus med sitt adgangskort. HVL har hatt ulike adgangskontrollsystemer ved de forskjellige campusene. Det er nå jobbet frem en løsning, sammen med leverandørene, hvor HVL vil benytte NXG systemet som hovedkilde, sammen med underliggende Stanley- system. Dette gir HVL muligheten til å benytte samme kort ved alle bygg innad i HVL. Prosjektet vil bli ferdigstilt i løpet av høsten 2020. Kostnadsrammen for prosjektet er på kr 1,5 mill.

FDV- verktøy

ADU har igangsatt prosjekt om implementering av et felles behovsmeldingssystem ved HVL. Systemet «Lydia» er valgt.

Systemet vil dekke arbeidsområdene drift, brann, renhold, utstyr og tegningsarkiv, samt innmeldinger av behov/ bestillinger fra ansatte ved HVL.

Implementering pågår. Prosjektet er i henhold til fremdriftsplan og vil kunne tas i bruk medio november 2020.

Det er avsatt kr 0.6 mill. til prosjektet i implementeringsfasen.

Kartlegging av alle arbeidsplasser (kontoranalyse ved alle campuser)

Prosjektet er blitt utsatt på grunn av situasjonen med Covid-19, men det planlegges igangsatt i januar 2021.

Det er avsatt kr 0,5 mill. til prosjektet, som skal gjennomføres med bruk av både interne og eksterne konsulenter.



## Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 19/06155-15 Arkivkode. 012  
Saksbehandlar Wiggo Hustad

Saksgang Møtedato  
Høgskulestyret 2019-2023 27.08.2020

### O-34/20

## CAMPUSUTVIKLING - ERFARINGAR FRÅ STORD OG PLAN FRAMOVER

### Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek orienteringa til vitande.

### Samandrag

HVL skal bli universitet. Campusutvikling er eitt av fleire overordna grep som skal bidra til å utnytte og utvikle HVL fagleg, kulturelt og geografisk. Arbeidet med campusutvikling er starta med ein verkstad på Stord, samt ved å tilsetje eigen prosjektleiar. Gjennomføring av stadlege prosjekt basert på erfaringane på Stord, samt etablering av ein overordna strategi vert no starta. Dette er både eit institusjonelt behov og eit krav fastsett i tildelingsbrevet for 2020. Strategidokument for styrehandsaming skal ligge føre hausten 2021, i samband med budsjethandsaminga.

### Vedlegg:

SLG79/20-B Saksframlegg: Campusutvikling – erfaringar frå Stord og plan framover

### Utrykte vedlegg:

Kunnskapsgrunnlag Campusutvikling - erfaringar frå Stord og plan framover  
<https://www.hvl.no/contentassets/115e865bfda54a84b4f5572d575b2b15/o-34-20-vedlegg-kunnskapsgrunnlag-campusutvikling--erfaringar-fra-stord-og-plan-framover.pdf>

Tildelingsbrev for HVL 2020:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/7ee6c83853d94c7eb8a86d9270245ca0/tildelingsbrev-2020--for-hogskulen-pa-vestlandet.pdf>

## Saksframstilling:

### Bakgrunn

HVL vart etablert med fem campus, kvart med sine kjenneteikn og som grunnlag for bygging av ein annan heilskap enn kvar av einingane representerte.

Departementet har i tildelingsbrevet for 2020 *kap. 4.7 «Bygg og infrastruktur»* sagt at *«Institusjoner som ikke har ferdigstilt en campusutviklingsplan, skal vise planlagt tidsplan for revidering eller ferdigstillelse av sin campusutviklingsplan.»*

I HVL er campusutvikling tillagt ei vidare tyding enn handtering av bygge- og leigesaker, sjølv om desse problemstillingane i seg sjølv er store og viktige. HVL har i sin universitetsambisjon uttrykt at ein skal vere universitet på fem campus. Styret har i vedteken årsplan sagt at fysiske campus og relasjonane mellom dei er sentrale verkemiddel i utviklinga av våre kjerneoppgåver; utdanning, forskning og formidling. Campusutvikling skal difor vere knytt til våre faglege utviklingsmål.

### Campus har fleire funksjonar

For å kunne planlegge gode campus må ein ha medvitne tankar om at dei skal fungere:

#### **Funksjonelt**

Campus skal understøtte effektiv utvikling og leveranse av kvalitativt god undervisning og forskning, og administrative tenester knytt til dette.

#### **Identitetsskapande**

Campus skal fungere som møtestader der tilsette og studentar bygger fellesskap, dei skal kjenne at dei vil arbeide i desse bygga, og i denne institusjonen.

#### **Omdømmebyggande**

Campus skal vere eit tydeleg uttrykk mot omverda, der ein signaliserer kva ein er og vil vere. Det omdømmet campus er uttrykk for, påverkar omgjevnadene si oppfatning av institusjonen, og såleis tilgang på oppgåver, studentar og tilsette med rett kvalitet.

### Campus i HVL skal utviklast og bidra til utvikling

Dei fysiske strukturane er sentrale – men ikkje åleine sentrale verkemiddel i etableringa av vilkår for å lukkast med den samhandlinga som må ligge i botn for måloppnåing knytt til vårt samfunnsoppdrag. I tillegg kjem korleis vi formar prosedyrar, utnyttar teknologi, vel formelle strukturar og arbeider med kultur og verdiar. Desse utgjer saman med fysiske strukturar dei mest sentrale, og gjensidig avhengige vilkåra. Dette ser vi når fleircampusinstitusjonen HVL er organisert etter fag og ikkje geografi, medan tilsette bur og arbeider på bestemte stader. Prosedyrane måtte justerast og sameinast, teknologien måtte brukast for å jobbe på tvers, leiarane måtte leia på avstand og vi måtte lære oss å stole på kvarandre frå nord til sør.



Spørsmålet er korleis ein kan og bør jobbe internt, og saman med relevante omgjevnader, for å ta fram både eit overordna strategisk fundament, og campusvise planar for å fungere funksjonelt, identitetsskapande og omdømmebyggjande.

HVL har starta oppfølginga av dette arbeidet med to tiltak i vår. Det eine er å gjennomføre ein campusutviklingsverkstad på Stord. Dette var basert på ein metodikk som var tenkt gjennomført fysisk på campus over to dagar. Grunna Corona-pandemien vart denne justert til ein digital verkstad over tre dagar.

Det andre er å rekruttere ein prosjektleiar som skal følgje opp forventningane eigar, styret og leiargruppa har uttrykt om utforming av ein campusutviklingsstrategi for å understøtte dei faglege måla i HVL. Prosjektleiar Paul J. Manger vil saman med sentrale medspelarar på alle campus og i ulike faglege og administrative miljø jobbe fram eit strategidokument til styrebehandling i 2021.

### **Stord som pilot**

Strategisk leiargruppe har både vedteke prosess for, og teke del i gjennomføringa av arbeidet med campusutvikling på Stord våren 2020. Denne har både ein konkret leveranse til utviklingsarbeidet på Stord, og tener som erfaringsgrunnlag for å utvikle kunnskap om campusutvikling i HVL. Vedlegget om campusverkstaden gjer i noko omfang greie for bakgrunn, arbeid, utfall og vidare planar.

Ambisjonen for arbeidet var å starte eit utviklingsarbeid som kan auke campus Stord sin attraktivitet, for studentar og tilsette. Verkstaden skulle levere både grunnlag for konkrete lokale tiltak, samt peike på kva typar kunnskap ein må ha for å fatte avgjerder om vidareutvikling av campus.

Oppdraget på verkstaden var

*«Vi ønsker å utvikle et levende campus med en tydelig profil. Et campus som er attraktivt for studenter og ansatte og som arbeids- og samfunnsliv har et eierskap til. Et bærekraftig campus som vokser ut av HVL som helhet og som samtidig har sterke røtter lokalt. Vi ber campusverkstaden om hjelp til å tegne ut spennende, modige og troverdige scenarier for denne reisen.»*

Arbeidet på Stord engasjerte studentar, tilsette, eksterne frå arbeids- og næringsliv, eksterne ekspertar, og leiargruppa i HVL som sentrale eigarar av arbeidet. Leiargruppa fungerte som jury for utveljinga av dei endelege framlegga til satsingar. Arbeidet på Stord er ikkje avslutta, men vil få si arbeidsgruppe etablert i september for å følgje opp dei mest aktuelle konseptane «Havet» og «Industrimaster». «Havet» tek utgangspunkt i eksisterande campus og i aktuell bærekrafttematikk, medan «Industrimaster» handlar om å bygge relasjonar og utvikle studium for ein den regionale industrien.

Dette utfallet, samt det omfattande bakgrunns materialet om trekk ved både region, HVL og studium, samt nasjonale og internasjonale erfaringar om kva som krevst for å lukkast med fleircampusinstitusjonar, dannar no grunnlag for gjennomføring av tilsvarande verkstader på dei andre campusane.

## Vidare arbeid

Reint formelt er det eit krav frå eigar å vise til tidsplan for ferdigstilling av campusutviklingsplan. Denne planen vil styret få til handsaming i 2020. Denne må også innehalde koplingar til byggeprosjekt og budsjettdisposisjonar.

Utforminga av tiltak knytt til einskildcampus basert på utviklingsverkstader får styret til handsaming i juni 2021. Eit oppsummerande strategidokument bør ligge føre innan budsjetthandsaminga hausten 2021.

I kunnskapsgrunnlaget for verkstaden på Stord (vedlegg: Kunnskapsgrunnlag oppsummert) har ein trekt fram ei rad faktorar (eller variablar) som kan forklare kvifor visse studiestader har vekst, enten i form av tal studentar, studium eller rekrutterer tilsette godt. I det vidare arbeidet må vi jobbe enno meir målretta med å få fram data som gjer at vi kjenner verdiane på desse variablane for våre campus. På visse variablar veit vi tilstanden.

Til dømes når det gjeld del studentar heimehøyrande i nærområdet til campus, versus langtreisande studentar. Det er klåre samanhengar med fagleg profil for slikt rekrutteringsmønster, på same måte som at det er tydeleg at campus med klåre profiler på visse felt har lettare for å tiltrekke seg studentar i ein nasjonal marknad. Det er grunn til å tru at dette forklarar mykje av skilnaden mellom Stord og Sogndal når det gjeld rekruttering av studentar frå andre regionar enn vår eigen (6 % vs 44 %). Denne profilen kan vere fagleg, eller vere knytt til trekk ved staden. Det er normalt slik at storbyar lettare tiltrekker seg studentar, men det finst gode døme på at små studiestader lukkast god med rekruttering og kvalitetsutvikling, berre vilkåra elles er til stades.

I etableringsåra for HVL har vi vore særleg opptekne av å bygge heilskapen, å sikre at grunnleggande felles løysingar kom på plass. Dette har hatt sine kostnader. Nokre vil nok meine at vi gjekk glipp av vesentlege lokale kvalitetar undervegs. Likevel har denne første fireårsbolken gitt eit fundament som har tillit nok i seg til at vi no kan tore å sleppe mangfaldet meir til syne.

Universitetsambisjonen er det tydelegaste uttrykket for denne heilskapen. Der vert det uttrykt klårt at ein må lukkast på alle campus for å komme i mål med prosjektet. Tenlege campus er såleis vurdert som eit grunnleggande vilkår for å nå høge faglege kvalitetsmål.

Vi bygger no vidare på det arbeidet som er gjort, ved å utvikle heilskap gjennom kjente teknologi-, organisasjons- og leiarutviklingstiltak. Samstundes ser vi at det veks fram aksept for og vilje til å utnytte mangfaldet HVL består av. Arbeidet med campusutvikling vil stå i dette spenningsfeltet mellom heilskap og variasjon.

## Prosjektorganisering

Strategisk leiargruppe tek stort ansvar for tematikken, og har engasjert seg i arbeidet med å utvikle både form og innhald i arbeidet med campusutvikling. Avdeling for

organisasjonsutvikling og digitalisering er tilført ressurs i form av eit toårig engasjement for prosjektelar knytt til campusutvikling, og vi samarbeider godt med avdeling for areal, drift og utvikling som har særleg ansvar for byggeprosjekta.

Leiargruppa gjorde førre veke slikt vedtak:

- › Nytilsett prosjektelar for campusutvikling knytt til OUD koordinerer oppfølgingsarbeidet og leier arbeidsgrupper på ulike campus, basert på modellen frå Stord med eventuelle justeringar
- › Prosjektelar utarbeider i samarbeid med organisasjonsdirektør budsjett for campusutviklingsarbeidet for 2021 og 2022
- › Oppfølgingsgruppe for Stord vert etablert som definert prosjekt. Mandat skal vere klårt i september.
- › Prosjektelar syter for fast samarbeidspartnar i avdeling for kommunikasjon for å informere internt/eksternt

I tillegg til prosjektelar må linjeleiarar og sentrale organ aktiviserast i prosessen for å nå fram til både studentar, tilsette og relevante omgjevnader. Erfaringane frå Stord tilseier at det er viktig med eit god kunnskapsgrunnlag, om ein skal lukkast med korte intense verkstader. Erfaringane med å gjere dette digitalt er at det kan ha visse utfordringar med omsyn til deltaking, medan det også kan vere ei føremon både fagleg og økonomisk på andre måtar.

Hovudprosjekt campusutvikling skal registrerast i prosjektportalen og levere avgjerdsgrunnlag til strategisk leiargruppe og styret i samsvar med prosjektmodellen og styret sin forretningsorden.

## Rektor si vurdering

Rektor ser det som viktig at HVL utviklar eit samla og samlande grep om campusutvikling. HVL eir *ein* institusjon, og *eitt* kommande universitet. Vi har ein eigar som forventar plan for dette på institusjonsnivå, og vi har ei leiargruppe som tek stort ansvar i denne prosessen.

Nytilsett prosjektelar vil samarbeide med tilsette, studentar og arbeids- og næringsliv for å utvikle grunnlaget for ein plan som forventa frå eigar og leiing. Det vil bli gjennomført prosessar for kvart campus, etter modell frå arbeidet på Stord, men med justeringar der det er tenleg.

Arbeidet framover må utnytte den samla styrken som er opparbeidd sidan fusjonen, samstundes med at vi for å vidareutvikle denne må utnytte betre det mangfaldet vi representerer, og ikkje minst samspele godt med arbeids- og næringsliv på og for Vestlandet.

HVL toler no å dyrke mangfaldet utan at dette svekker heilskapen. Ein campusutviklingsplan og tilhøyrande planar for kvart campus, må difor ivareta det som er bygd av prosessar, relasjonar og verdier mellom campus, og samstundes utnytte dei fortrinn som ligg til kvart campus.



## SLG79/20-B – Campusutvikling - erfaringar frå Stord og plan framover

Avsender: Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør

Saksbehandlar: Ingvild Brekke Myhre, Håvard Nes & Wiggo Hustad

Sakstype: Beslutnings sak

Referanse andre saker: SLG5/20-B, SL11/20-B

Møte: 18.8.20

Tidsbruk: 15 min

Vedlegg:

1. [HVL CVS Rektor si innleiing til verkstaden – rammer og føringar \(lenke til teams, men ligger også som separat pdf-fil i SLGs møtemappe\)](#)
2. [HVL CVS Nyheitssak om verkstaden](#)
3. [HVL CVS Løysingsforslag fra arbeidsgruppene](#)
4. [HVL CVS Avgjerd som presentert for deltakarane \(Lenke til teams, ikkje open for eksterne\)](#)
5. [HVL CVS Deltakarevaluering \(Lenke til teams, ikkje open for eksterne\)](#)

### Hva skal ledergruppa ta stilling til/hva skal skje i møtet?

1. Drøfte erfaringar frå verkstaden som grunnlag for innhald i overordna strategi for campusutvikling (styresak)
2. Godkjenne framlegg til vidare arbeid

### Strategisk forankring:

Campusutvikling som del av strategisk plan, og forventning frå KD om systematisk arbeid med campusutvikling i fleircampusinstitusjonar.

### Saksframstilling

Vi viser til sak SLG 5, 11/20-B og SLG 7, 41/20-P om campusutvikling.

Planlegging og praktisk oppsett vart gjennomført av prosjektteam på 4 (3 interne, 1 ekstern). Prosjektet hadde og eit eigarteam (SLG + HVO) for å sikre forankring. Prosjektteamet med ekstern og intern deltaking har følgd opp eigarmøtet sine forventningar til planlegging og gjennomføring av campusverkstad Stord. Verkstaden vart gjennomført som digital workshop med over 70 deltakande (inkl. SLG) på det meste.

Dei aktive deltakarane i arbeidet bestod av:

- 3 studentar
- 27 tilsette (god blanding av faglege og administrative tilsette, alle campusar og fakultet var representerte)
- 20 eksterne
- 4 ekspertar
- 7 i gjennomførande prosjektteam
- 13 Jury (SLG)

Formålet med verkstaden var:

«Vi ønsker å utvikle et levende campus med en tydelig profil. Et campus som er attraktivt for studenter og ansatte og som arbeids- og samfunnsliv har et eierskap til. Et bærekraftig campus som vokser ut av HVL som helhet og som samtidig har sterke røtter lokalt.

Vi ber campusverkstaden om hjelp til å tegne ut spennende, modige og troverdige scenarier for denne reisen.»

Verkstaden gjekk over 2,5 dagar. Dag 1 fekk deltakarane innsikt i problemstillinga, kva som er viktige faktorar og drivarar for å skape eit levande campus og inspirasjon frå andre organisasjonar som har tenkt annleis. Dei delte informasjon, lytta, tenkte og kom opp med mange idear. Mot slutten av dagen kom det inn ein jury, bestående av strategisk leiargruppe for å velge kva idear ein skulle arbeide vidare med. Dag 2 arbeidde deltakarane vidare med desse ideane.

Dag 1 bestod av mange korte øvelsar, i mange ulike gruppekonstellasjonar, medan dag 2 satt dei saman med ei gruppe og ei problemstilling heile dagen, for verkeleg gå i dybda på kva den handla om, og korleis vi faktisk kan gjennomføre konseptet. Verkstaden vart avslutta med ei kort økt på to timar på dag 3. Der kom juryen tilbake for å sjå korleis dei utvalde konseptane hadde blitt videreførdla, og ta avgjersler om kva ein skal gå vidare med.

Verkstaden nytta Zoom som videokonferanseplattform, Mural som arbeidsflate (digital whiteboard), og teams for lagring av dokument og chat funksjon. Mentimeter vart nytta i evalueringen.

Konseptane ein har vald å gå vidare med etter verkstaden er:

#### *Havet (Bærekraft)*

- › *Utvikler det vi har, og gir en tydelig merkevare til campus – har stort potensiale*
- › *Henger godt sammen med både profilen til Norge og Vestlandet*
- › *Samarbeidsprosjekt: Koble mot kommunen, klynger og næringslivet for å se på hva vi kan få ut av havet på Rommetveit (settes raskt i gang)*
- › *Rigge som prosjekt, ta med oss elementer fra Grøn Campus og Klima og bærekraft*
- › *Hvordan tar vi dette inn i de eksisterende utdanningsløpene?*

#### *Industrimaster (Og BA)*

- › *Helt nytt, kan gi tilgang på en ny målgruppe*
- › *Samarbeidsprosjekt: Koble mot næringslivet for å se på hvordan vi kan få til en Industrimaster på Rommetveit*
- › *Tydelig etterspørsel fra industrien som er tungt representert i regionen*

#### *Andre element:*

*Speedmaster er en spennende tanke som vi ikke legger fra oss*

#### **Om arbeidsforma**

Verkstaden fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarane, både på tema, involvering og metodikk.

Nokre sitat frå chatten:

- «Effektivt å gjøre en slik verkstad digitalt»
- «Engasjerande, større eigarskap til HVL og prosessen for framtida, super nettverksbygging»
- «Veldig positivt å være med på noe som handler om å skape noe unikt på Stord. Håper det vil være rom for å gjennomføre og at vi fagansatte blir involvert i det videre arbeidet»
- «Krevende med hele dager, men ros til gjennomføring og effektivitet»

Deltakarane var framoverlente, engasjerte og uthaldande. Jurydeltakarane var effektive, positive og formidla engasjementet sitt fint.

Verkstaden har i etterkant fått positiv omtale i lokale medier (Stord 24, Sunnhordland) og interesse frå det lokale næringslivet om å bidra i prosessen, både frå deltakarar i verkstaden og andre.

### Bidrag til overordna arbeid med campusutvikling:

For arbeidet med campusutvikling er det gjennom arbeidet på Stord bygd opp eit innsiktsgrunnlag som ein kan brukast og utviklast vidare. Prosessen og måten å jobbe på kan også nyttast for å skape involvering og rask gjennomføring, men ein må vere open for justere arbeidsforma avhengig av kva problemstilling den aktuelle campusen ein jobbar med har.

### Vegen vidare:

- › Styrebehandling i august (denne saka følgjer styresak som vedlegg)
  - › Informere om verkstaden og kva vi har landa på
- › Strategisk leiargruppe vil ha eit sterkt eigarskap til vidare arbeidet
- › Nytilsett prosjektleiar for campusutvikling knytt til OUD koordinerer oppfølgingsarbeidet og leier arbeidsgrupper på ulike campus, basert på modellen frå Stord med eventuelle justeringar
- › Prosjektleiar utarbeider i samarbeid med organisasjonsdirektør budsjett for campusutviklingsarbeidet for 2021 og 2022
- › Oppfølgingsgruppe for Stord vert etablert som definert prosjekt med organisasjonsdirektør som godkjenner. Mandat skal vere klårt i september.
- › Prosjektleiar syter for fast samarbeidspartnar i avdeling for kommunikasjon for å informere internt/eksternt

### Vedtak

1. Saksframlegget vert godkjent som vedlegg til styresak om campusutvikling
2. **Leiargruppa godkjenner “Vegen vidare” og ber om at endeleg plan for gjennomføring vert lagt fram i september.**

### Oppfølging

Strategisk leiargruppe vil ha eit sterkt eigarskap til vidare arbeid. Organisasjonsdirektør på vegne av eigargruppa ser til at prosjektet vert gjennomført i samsvar med vedtak.



# Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 19/06233-21 Arkivkode. 011  
Saksbehandlar Linda Marie Hvaal Mcguffie

Saksgang Møtedato  
Høgskulestyret 2019-2023 27.08.2020

## O-35/20

### ORIENTERINGAR FRÅ REKTOR - STYREMØTE 05/20

#### Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar sakene til orientering.

#### Formål:

Korte orienteringssaker/informasjon til styret om aktuelle saker.

---

#### O-35/20-1 Årshjul/oversikt styresaker 2020

---

Vedlegg: Oppdatert oversikt styresaker pr. juni 2020

---

#### O-35/20-2 Koronasituasjonen

---

Vedlegg: Ingen vedlegg.

---

#### O-35/20-3 Tilbakemeldingar frå KD: Utviklingsavtale og etatsstyring

---

Vedlegg: 1. HVL tilbakemelding på forslag til justeringar/endingar i utviklingsavtalen (24.06.2020)  
2. Etatsstyring 2020 – Tilbakemeldingar på ambisjonar og oppnådde mål (01.07.2020)  
3. 2020 Tilbakemelding – Høgskulen på Vestlandet (01.07.2020)

---



Vår ref:  
20/00267-4Dato:  
20.11.19

## Oversikt styresaker HVL pr. august 2020

Oversikt over planlagte styresaker ved HVL i 2020.

Årshjulet er rullerende og det tas forbehold om at saker kan bli flyttet, slått sammen eller få ny sakstittel eller kategorisering.

Oppdatert versjon legges fram for styret som orienteringssak på hvert styremøte.

Forklaring til tabellen:

- Faste årshjulssaker er merket med (F).
- Sakene er delt inn i følgende *sakstyper*:
  - Vedtakssaker:
    - (S) Strategiske saker – Styret inviteres til diskusjon/drøfting før vedtak fattes.
    - (B) Beslutningssaker – Saker hvor det ikke forventes større diskusjon – enten fordi saken er «ferdigbehandlet» eller vedtak er nødvendig av formelle grunner.
  - Orienteringssaker:
    - (O) Orienteringssaker – saker som organisasjonen vil orientere styret om.
    - Andre faste punkt til orientering:
      - Samlesak med rektor sine orienteringer (i hovedsak muntlige orienteringer, samt oppdatert årshjul)
      - Referatsaker (referat fra IDF-møte, oversikt over møter og referat fra råd- og utvalg og studentdemokratiet, evt. andre referat).
      - Campusrelevant tema (presentasjon av fagmiljø el.)

Årshjul for styresaker HVL 2020

Vedtaksaker	Orienteringssaker	Aktiviteter/frister
01/20 – 6. februar, Bergen		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsplan 2020</li> <li>• Revisjonsplan for 2020 (F)</li> <li>• Etablering av nye studieprogram (FHS, FØS, FLK)</li> <li>• Tilsetningsprosess rektor</li> <li>• Utsatt sensur URO400</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årshjul hogskolestyret 2019 (F)</li> <li>• Tildelingsbrev (F)</li> <li>• Orientering om lokale forbandninger 2.5.1 (2019) (F)</li> <li>• Status for arbeidet med informasjonssikkerhet</li> <li>• Årsrapport fra Studentombudet 2019 (F)</li> <li>• Videreføring av avtale - Bergen Konturse-institutt</li> </ul>	KD – Tildelingsbrev (F)  Aktivitet Campusrelevant presentasjon
02/20 – 11.-12. mars, Stord		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsrapport 2019 (inkl. årregnskap 2019) (F)</li> <li>• Internt regnskap 2019 (F)</li> <li>• Revidert budsjett 2020 (vedtak) (F)</li> <li>• Rapport fra internrevisjon utført høsten 2019 (F)</li> <li>• Justering av utviklingsvitalen</li> <li>• Sluttrapport forskningsbasert følgeevaluering av fusjon (NIFU)</li> <li>• Innstillingsutval for rektorutsetting</li> <li>• Søknad om oppgradering og tilpassing av forskings- og utdanningsarealet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsrapport fra Læringsmiljøutvalget (LMU) (F)</li> <li>• Årsmelding for Forskningsetisk utvalg 2019 (F)</li> <li>• Årsrapport 2019 - Klagenemnda ved Hogskulen på Vestlandet (F)</li> <li>• Årsrapport for Arbeidsmiljøutvalget (AMU) 2019</li> </ul>	KD-frist (F) 15.03. Innsending av <ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsrapport 2019</li> <li>• Plan 2020</li> <li>• Regnskap 2019</li> </ul> Aktivitet Riksrevisjonen møter styret Styreseminar - campus Stord Styret møter de tillitsvalgte (F)
03/20 – 30. april, Bergen		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av utlysningstekst rektorstilling</li> <li>• Høring: NOU2020:3: Ny lov om universiteter og høyskoler</li> <li>• Innspel til stortingsmelding om styringspolitikk for statlege universiteter og hogskular</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Status søkjartal pr. 15. april (F)</li> <li>• Internasjonaliseringsmelding (F)</li> <li>• Status universitetsprosjektet (F - hvert semester)</li> <li>• Oppfølging NIFU-rapport</li> <li>• Årsrapport språkpolitisk utval</li> </ul>	
04/20 – 18.juni Førde		

Rød skrift = ny sak tatt inn siden forrige versjon

Blå skrift = sak/tema endret plassering (flyttet/splittet/slått sammen/endret tittel el.) siden forrige versjon.

## Årshjul for styresaker HVL 2020

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikling av høgskulens studieportefølje (F)</li> <li>• Etablering av studieprogram (FLK1)</li> <li>• Oppnevning/godkjenning av studentrepresentanter til styre, råd og utvalg ved HVL (01.08.20-31.07.21) (F)</li> <li>• Oppnevning av klagenemnd ved HVL for perioden 2020-2024</li> <li>• Styrets evaluering av eget arbeid (F)</li> <li>• Utrednings-/etableringssøknader nye studieprogram</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høringsinnspill fra HVL: Ny UH-lov</li> <li>• Høringsinnspill fra HVL: Styringspolitikk for statlige universitet og høyskoler</li> <li>• Revisjonsberetning HVL for 2019 (F)</li> <li>• Regnskap 1 tertial 2020 med lederkommentar (F)</li> <li>• Internregnskap 1 tertial (F)</li> <li>• Supplerende KD-tildeling, revidert statsbudsjett</li> <li>• Tilstandsrapport for høyere utdanning 2020 – hovedtall og tendenser for HVL (F)</li> <li>• HVLs samspill med omverdenen</li> <li>• Livslang læring</li> <li>• Meritteringssystem</li> </ul>	KD-frist: (F) 01.06: Innsending av <ul style="list-style-type: none"> <li>• Regnskap 1. tertial 2020</li> <li>• Styregodkjent Revisjonsberetning innen 01.07.</li> </ul>
05/20 – 27. august, Bergen		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Møteplan for Høgskulestyret 2021 (F)</li> <li>• Internrevisjonsrapport V2020 (F)</li> <li>• <b>Vurderinger av organisatoriske/strukturelle endringer før neste åremålsperiode</b></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptak 2019 - orientering om status ved studiestart (F)</li> <li>• Rehabiliteringsprosjekter på campus</li> <li>• Campusutvikling</li> </ul>	
06/20 – 24. september, Førde		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilsetning rektor</li> <li>• <b>Meritteringssystem</b></li> <li>• <b>Revisjon av utviklingsavtale</b></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokale lønnsforhandlinger i 2020 (F)</li> <li>• Status universitetsprosjektet (F - hvert semester)</li> <li>• <b>HVL's samspill med omverdenen</b></li> </ul>	KD-frist: (F) 01.10: Innsending av <ul style="list-style-type: none"> <li>• Regnskap 2. tertial 2020</li> </ul> Styret møter studenttinget (F)
07/20 – 28.-29. oktober, Sogndal		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innspill til KD - budsjett utenfor rammen 2022 (F)</li> <li>• Etablering nye studietilbud</li> <li>• <b>Drøfting av organisatoriske/strukturelle endringer før neste åremålsperiode</b></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Regnskapsstatus per 2. tertial (F)</li> <li>• Forslag til statsbudsjett for 2021 og betingelser for rammefordeling av budsjett for HVL (F)</li> <li>• <b>Forskningsmelding HVL (F)</b></li> </ul>	KD-frist: (F) 01.11: Innsending av Innspill til budsjett 2022 Styreseminar: tema ikke fastsatt

Rød skrift = ny sak tatt inn siden forrige versjon

Blå skrift = sak/tema endret plassering (flyttet/splittet/slått sammen/endret tittel el.) siden forrige versjon.

08/20 – 26. november, Bergen		
<ul style="list-style-type: none"> <li>Budsjett 2021 inkl. langtidsprognoser (F)</li> <li>Styrets årsplan 2021 (F)</li> <li>Det samla eigenfinansierte studietilbodet med opptaksrammer ved HVL for studieåret 2021/22 (F)</li> <li>Rapport opptak 2020/Studentrekruttering (F)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Akademisk kalender for studieåret 2021/2022 (F)</li> <li>Årshjul for høgskulestyret 2021 (F)</li> <li>Internasjonaliseringsmelding (F)</li> </ul>	Frist samordna opptak: (F) 01.12. Studietilbud/opptaksrammer 2021/2022.
Ikke tidfestede saker		
<ul style="list-style-type: none"> <li>HVL - Bærekraft og miljø</li> <li>EVU/livslang læring</li> <li>Campusutvikling</li> <li>Arealsaker: Bygg Haugesund</li> <li>Studiebarometeret – Resultat for HVL (F)</li> <li>Tilsettingsprosess åremålsstillingar neste periode</li> <li>Beslutning organisatoriske/strukturelle endringer før neste åremålsperiode (01/21)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Årsrapport personvernombudet</li> <li>Digitalisering i HVL</li> <li>Seksuell trakassering og mobbing</li> <li>Varsling av kritikkverdige forhold</li> </ul>	Styreopplæring (Juridiske aspekter ved styrearbeidet).

Rød skrift = ny sak tatt inn siden forrige versjon

Blå skrift = sak/tema endret plassering (flyttet/splittet/slått sammen/endret tittel el.) siden forrige versjon.



## DET KONGELIGE KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Høgskulen på Vestlandet  
Postboks 7030  
5020 BERGEN

Deres ref

Vår ref

Dato

20/80-9

24. juni 2020

### Tilbakemelding på forslag til justeringer/endringer i utviklingsavtalen

Utviklingsavtalene skal bidra til høy kvalitet og en mangfoldig sektor gjennom tydelige institusjonsprofiler og bedre arbeidsdeling, jf. Orientering om statsbudsjettet 2020 for universitet og høgskular. For å oppfylle målet om bedre arbeidsdeling ønsker Kunnskapsdepartementet på sikt at alle utviklingsavtalene skal ha samme avtaleperiode.

I tildelingsbrevet for 2020 ble Høgskulen på Vestlandet (HVL) bedt om å sende forslag til justeringer/endringer i utviklingsavtalen som utløper våren 2020. Departementet ønsker å forlenge avtaleperioden til utgangen av 2022, etter justeringer/reforhandling. Hensikten er at alle utviklingsavtalene fra 2023 skal ha samme avtaleperiode. Rammene for neste avtaleperiode vil bli omhandlet i Styringsmeldingen som skal legges frem våren 2021.

Departementet viser til brev av 13. mars 2020 fra institusjonen med forslag til justeringer/endringer i utviklingsavtalen, departementets brev av 25. mars om arbeidet med å justere utviklingsavtalene, og dialogmøte 16. juni d. å. om høyskolens utkast til utviklingsavtale.

### Departementets tilbakemelding

HVLs forslag til endringer synes fornuftig. Departementet har følgende tilbakemelding:

- Ut fra resultatene fra 2019 mener departementet at HVL har lavt omfang og kvalitet på sin forskningsvirksomhet. For å nå HVLs ambisjon om å nå universitetsstatus er det viktig HVL styrker sin forskningsaktivitet. Departementet mener derfor at HVL bør vurdere å ta med forskningsområdet i avtalen.
- Departementet deler høyskolens syn på at campusutvikling er sentralt for at høyskolen skal lykkes. HVL bør også ta hensyn til det overordnede strategiske bildet.

Postadresse  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse  
Kirkeg. 18  
www.kd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
872 417 842

Avdeling

Saksbehandler  
Zheng Ørvim Yuan  
22 24 75 94

- Vi vil be HVL vurdere om avtalen kan vise større ambisjoner når det gjelder etter- og videreutdanning, jf. målsettingene i blant annet Meld. St. 14 (2019–2020) Kompetansereformen – Lære hele livet.
- HVL kan vurdere om området relatert til internasjonal mobilitet bør justeres pga. koronasituasjonen. Departementet støtter uansett HVLS ambisjon om økt internasjonalisering.
- Måleparametre bør generelt være konkrete, målbare og gjenspeile målet. Antall mål og måleparametre bør også begrenses. Departementet ber høyskolen om å vurdere måleparametrene i lys av dette.

### **Videre prosess**

Vi ber om endelig utkast til utviklingsavtale 2020-2022 blir sendt til departementet innen 12. oktober 2020. Det er selvsagt mulig med dialog i forkant av fristen. Utviklingsavtalen skal inngå i tildelingsbrevet for 2021 som sendes ut i desember.

Med hilsen

Knut Børve (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Zheng Ørvim Yuan  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*



Høgskulen på Vestlandet  
Postboks 7030  
5020

Deres ref

Vår ref

Dato

20/315-56

01.juli 2020

## Etatsstyring 2020: tilbakemelding på ambisjonar og oppnådde mål

Vi viser til brev av 25. mars 2020 om gjennomføringa av etatsstyringa våren 2020, tildelingsbrevet for 2020 punkt 5.3 om styringsdialogen og til utkast til tilbakemelding.

Vedlagt er departementet si endelege skriftlege tilbakemelding til Høgskulen på Vestlandet (HVL) på bakgrunn av blant anna årsrapporten for 2019, Tilstandsrapport for høgere utdanning 2020, Nøkkeltal for statlege universitet og høgskular 2020 og resultatrapporteringa til DBH.

Departementet forventar at HVL sett i verk naudsynte tiltak for å følgje opp tilbakemeldinga.

Kunnskapsdepartementet er klar over at situasjonen med Korona-pandemien kan gjere det krevande å levere på samfunnsoppdraget med den kvalitet og det omfang som UiB hadde planlagt og i tråd med mål og krav i tildelingsbrevet for 2020. Departementet vil ta omsyn til dette i styringsdialogen i 2021.

Med helsing

Knut Børve (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Sheila Ahmed Solberg  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Postadresse  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse  
Kirkeg. 18  
www.kd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
872 417 842

Avdeling  
Avdeling for eierskap i  
høgere utdanning og  
forskning

Saksbehandler  
22 24 74 01  
Sheila Ahmed  
Solberg

Vedlegg.

Kopi:  
Riksrevisjonen





Kunnskapsdepartementet

## Etatsstyring 2020

### Tilbakemelding til Høgskulen på Vestlandet på ambisjonar og oppnådde mål

Dato og versjon:

1. juli 2020 Tilbakemelding

HVL har greidd å oppretthalde relativt god gjennomføring i utdanningane sine gjennom heile fusjonsperioden. Det er også teikn til at FoU-delen styrkar seg, mellom anna ved vekst i den vitenskaplege publiseringa og etablering av nye doktorgradsprogram. HVL har eit utstrekt samarbeid med arbeids- og næringslivet. Det er viktig for å utvikle høgskulen si regionale rolle. Kunnskapsdepartementet (KD) er nøgd med at HVL har følgd opp fusjonen med evalueringar slik at høgskulen får eit godt grunnlag for å utvikle og bygge organisasjonen vidare. Departementet forventar at HVL tek omsyn til funna for å sikre at HVL når sine langsiktige mål og ambisjonar.

KD vil rose den store innsatsen frå universitet og høgskular under den pandemien som no går føre seg. Institusjonane har bidrege til samarbeid og fleksible løysingar i sektoren og handtert bestillingar frå departementet. Dette har vore viktig for arbeidet til departementet og regjeringa. Bruken av teknologi og digitale løysingar har vore imponerende. KD oppmodar institusjonane til å vidareutvikle det potensialet som ligg i slike løysingar.

Regjeringa la i april fram stortingsmeldinga "Kompetansereformen – Lære hele livet". Det er viktig for regjeringa at det er nok utdanningskapasitet, både for førstegongssøkarar og i etter- og vidareutdanning. Samstundes vil regjeringa gjere det lettare å ta høgare utdanning uavhengig av bustad- og livssituasjon. Difor har regjeringa auka løyvingane til drift og utvikling av fleksibel utdanning. Koronakrisa har forsterka behovet for utdanning og kompetanse i samfunnet. KD forventar difor at universitet og høgskular innrettar utdanningstilboda sine på ein slik måte at samfunnet får den kompetansen det er behov for no, og framover i tid.

### Resultat og oppnådde mål

I 2018 inngjekk HVL ein utviklingsavtale med KD. Utviklingsavtalen byggjer opp under sektormåla og speglar dei overordna prioriteringane HVL har fram mot 2020. Hovudmåla er regional utvikling, institusjonsbygging og utdanningskvalitet. Det er positivt at HVL har god utvikling på fleira av måleparametrane. Det er viktig å ta med seg i det krevjande arbeidet det er å utvikle og nå ambisjonen om å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Departementet viser elles til sin eigen prosess knytt til justering av utviklingsavtalen slik at noverande avtale med eventuelle justeringar får utløpsdato ved utgangen av 2022.



## Kunnskapsdepartementet

### Kvalitet i utdanning

Høgskulen har gode kandidattal både innanfor helsefagutdanningane og lærarutdanningane, og dette ser departementet positivt på. HVL arbeider også godt med å byggje opp masterprogramma i grunnskulelærar (GLU), sjølv om institusjonen har enkelte utfordringar med rekruttering av lærarstudentar til nokre av campusane. KD ber HVL halde fram med dette viktige arbeidet, og også halde fram det gode samarbeidet med UiB om lærarutdanningane.

Gjennomføring på planlagd tid på bachelornivå er over det nasjonale snittet. Det same er gjennomføring på planlagd tid for master. På master har likevel prosentdelen gått ned frå 65 prosent i 2018 til 55 prosent i 2019. Her ventar KD at høgskulen raskt set i gong eit arbeid for å finne årsakene til nedgangen, og deretter set inn tiltak for å snu utviklinga. Nokre utdanningar ved HVL har skeiv kjønnsbalanse, enten med markert overvekt av menn eller kvinner. KD ber høgskulen arbeide med denne balansen med sikte på å jamne ut ulikskapane.

Nokre utdanningar har lågare kandidatproduksjon enn det som er ønskt, særleg gjeld dette teiknspråk og tolking og faglærarutdanning. Høgskulen har fokus på begge desse utdanningane, og departementet ventar at dette vil gje positive resultat framover.

Departementet er nøgd med at HVL har oppretta ei ny avdeling for utvikling av læring og undervising, og ser fram til å sjå resultata av dette. Det er også positivt av HVL arbeider målretta med førsteårsstudentane. Dette er eit viktig arbeid med tanke både på studiekvalitet og gjennomstrøyming - og for å hindre fråfall. Likeins merkar departementet seg det gode arbeidet HVL gjer med arbeidsrelevans og digitalisering for utdanningane sine.

Stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet er utsett inntil vidare grunna koronakrisa. Stortingsmeldinga vil uttrykke ein ambisjon om at internasjonal mobilitet blir ein integrert del av alle studieprogram, og at halvparten av dei som fullfører ein grad i norsk høgare utdanning på sikt skal ha hatt eit studieopphald i utlandet. KD har forståing for at utveksling er vanskeleg i dagens situasjon, men forventar at institusjonane følger opp regjeringa sine ambisjonar når situasjonen tillèt det og at HVL held fram med sitt gode arbeid innan internasjonalisering og studentmobilitet.

Regjeringa kunngjorde i mars 2020 intensjonen sin om deltaking i EU sitt neste rammeprogram for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+, frå 2021-2027. Ved eventuell deltaking forventar departementet at universitet og høgskular prioriterer å auke delen av studentar som reiser i regi av Erasmus+. Storbritannia si deltaking i Erasmus+ frå 2021 er usikker. Institusjonane må difor ta høgde for dette i planlegginga. KD er opptatt av å ha eit godt samarbeid med Storbritannia, og å finne gode partnerar i andre Erasmus+ land.

### Kvalitet i forskning

Universitetsambisjonen og arbeidet med å utvikle profesjonsutdanningane og profesjonane krev framleis heving av høgskulens FoU-kompetanse. Rapporteringa viser at HVL arbeider systematisk med å heve FoU-kompetansen for eigne tilsette, både gjennom rekruttering og



## Kunnskapsdepartementet

gjennom stipend- og programordningar. Utviklinga i årsverk med førstestilling er positiv, men HVL ligg framleis lågt samanlikna med snittet for sektoren. Å bygge sterke fagmiljø krev i tillegg tydelege strategiske prioriteringar og godt samarbeid på tvers av campusar nasjonalt og internasjonalt.

Høgskulen har hatt ei positiv utvikling i vitenskapleg publisering dei seinare åra. Utteljinga i Noregs forskingsråd er låg samanlikna med snittet for dei statlege institusjonane, men søknadsaktiviteten går opp, og det er positivt at utteljinga aukar etter nokre år med nedgang.

HVL er i ferd med å bygge ut tilbodet sitt for ph.d.-utdanning. I 2019 blei den første disputasen avhalden og to nye program godkjende. Å sikre god gjennomstrøyming på ph.d.-programma vil vere avgjerande for universitetsambisjonen.

Tildelingane frå EU er omlag på same nivå som for tidlegare år. Søknadstala viser at søknadsaktiviteten er på veg opp, og KD ventar at HVL legg til rette for at fagmiljøa og forskarane ved eigen institusjon deltek aktivt i Horisont Europa frå programmet startar opp.

Open tilgang til forskingsresultat, og tilgjengeliggjering og deling av data, er ei sentral forskingspolitisk målsetjing. Departementet forventar at institusjonane framleis har stor merksemd rundt desse spørsmåla, og at dei er budde på krava som vil gjelde frå og med 2021. Desse krava kjem som følge av Plan S som Forskningsrådet har slutta seg til gjennom den internasjonale koalisjonen av forskingsfinansiarar, cOAlition S.

### **Samarbeid med omverda**

Bidrags- og oppdragsinntektene per fagleg årsverk har auka siste året, men ligg framleis under snittet for statlege institusjonar. HVL har eit utstrekt samarbeid med arbeids- og næringslivet på Vestlandet og deltek i mange klynger og andre typar nettverkssamarbeid - dette er positivt. Vidare er det viktig at høgskulen brukar samarbeidet for strategisk utvikling av nye studietilbod, og fornying av eksisterande studietilbod. KD merkar seg at HVL har planar om å vere enda meir ambisiøse når det gjeld å tilby relevante vidareutdanningar både regionalt og nasjonalt.

Regjeringa vil betre samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og arbeidslivet for å møte omstillingsutfordringane i samfunnet, og skal etter planen leggje fram ei stortingsmelding om arbeidsrelevans i høgare utdanning våren 2021. Institusjonane må bruke ulike arenaar og former for samarbeid for å auke arbeidsrelevansen i utdanningane.

### **God ressursbruk og forvaltning**

Departementet merkar seg at HVL meiner at høgskulen har rimeleg god styring og kontroll med verksemda, men med nokre forbetningspunkt. I den kartlegginga og evalueringa NIFU har gjort for HVL i etterkant av fusjonen er det likevel funn som tyder på at HVL har særlege utfordringar knytte til styring og kontroll. Det er positivt at HVL tek tak i situasjonen og følger opp dei funna som er komne fram. Det er også positivt at HVL vil følgje opp rapporten det neste året for å skape klårare styringsliner og å styrke den strategiske dimensjonen.

Talet på mellombels tilsette i universitets- og høgskulesektoren har gått ned. Institusjonane



## Kunnskapsdepartementet

må framleis jobbe målretta for å redusere dette talet. Problematikken vil bli følgt opp i strategi for rekruttering og karriere i høgare utdanning som departementet tek sikte på å legge fram før sommaren 2021. Departementet merker seg at HVL framleis har ein høg del mellombels tilsette, sjølv om det har vore ein liten nedgang sidan 2018. Departementet forventar at høgskulen held fram arbeidet med å redusere dette framover.

Departementet merker seg at HVL har ein høg del kvinner i fagstillingar, og overvekt av kvinner i leiarstillingar. Samstundes er det framleis ei kjønnsdelt rekruttering til enkelte fagområde.

Når det gjeld mottekne løyvingar, har Høgskulen høgt nivå på eigne avsetningar ved utgangen av 2019. Nokre av avsetningane er knytte til konkrete tiltak. Dei totale avsetningane er på 14,7 prosent. Departementet kan ikkje sjå at det er naudsynt med eit så høgt nivå, og ventar at avsetningane blir reduserte framover.

KD forventar at HVL følgjer opp informasjonstryggleik og personvern, jamfør styringsmodellen som Unit forvaltar på vegne av departementet. Vidare forventar KD at HVL har kontinuitets- og beredskapsplan for alvorlege IKT-tryggleikshendingar, og at dette planverket blir øvd på. KD minner om at Digitaliseringsstrategi for universitets- og høgskulesektoren skal reviderast. Det er viktig at HVL bidreg i strategiarbeidet slik at studentane får yrkestilpassa og profesjonstilpassa digital kompetanse.



# Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 19/06233-23 Arkivkode. 011  
Saksbehandler Linda Marie Hvaal Mcguffie

Saksgang Møtedato  
Høgskulestyret 2019-2023 27.08.2020

## O-36/20

### REFERATSAKER - STYREMØTE 05/20

#### Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar referat fra interne organ og studenttinget til orientering.

#### Formål:

Informasjon til styret om aktuelle møter i HVL sine interne organ, samt studenttinget.

---

#### O-x/20-1 IDF-møte

---

Vedlegg: Referat frå IDF-møte (blir ettersendt)

---

#### O-x/20-2 Interne råd og utvalg

---

Aktuelle møter i juni/juli/august 2020:

Utrykt

vedlegg:

- FLKI Fakultetsråd (25.08.2020)
- Sentralt ph.d.-utval (25.06.2020)
- 03/20 Språkpolitisk utval (17.06.2020)
- Programutvalg Helse, funksjon og deltaking (11.06.2020)
- Samhandlingsutvalg (10.06.2020)

Sakspapir og protokoll: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/hvl-uninett>

---

#### O-x/20-3 Studenttinget

---

Møter høst 2020:

Utrykt

vedlegg:

ST-04/20: 19.-20.09.20

ST-05/20: 14.-15.11.20

Sakspapir og protokoll: <https://www.stvl.no/studenttingsmoter>

---



## Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 19/06233-24 Arkivkode. 011  
Saksbehandler Linda Marie Hvaal Mcguffie

Saksgang Møtedato  
Høgskulestyret 2019-2023 27.08.2020

**O-37/20**

### **CAMPUSRELEVANT TEMA**

#### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Styret tar saken til orientering.

#### **Formål:**

Jamfør vedtak i sak 60/19 *Møteplan for høgskulestyret 2020* har styret ønska presentasjon av campusrelevante tema på styremøta.

I styremøte 03/20 vedtok styret å bevilge inntil 50 millioner til styrking av universitetsambisjonen. I denne saken vil styret få presentasjoner fra to av miljøene ved fakultet for helse- og sosialvitenskap som var blant de som fikk tildelt midler i etterkant av vedtak i sak 27/20-B: EBRNetwork/COST Action og Senter for omsorgsforskning, vest.

## 1. EBRNetwork og COST Action

v/Hans Lund, Fakultet for helse- og sosialvitenskap

"Evidence-Based Research"

I de siste tre årtier har bruken av systematiske kunnskapsoppsummeringer (Eng: systematic reviews, SR) vært en sentral del av kunnskapsbasert praksis. Dette fordi SR er det eneste tilgjengelige vitenskapelige redskap til å skaffe det nødvendige overblikk over all relevant forskning innen en bestemt klinisk problemstilling. Imidlertid har forskning på forskning vist at forskere ikke anvender slike SR når de vil rettferdiggjøre og designe nye studier. Dette er for så vidt veldig rart ettersom promoteringen av SR allerede i begynnelsen av 1990 årene også nevnte at *forskerne* burde anvende SR. Der var behov for å synliggjøre dette sentrale element i forsknings-arbeidet.

Takk være stor støtte fra HVL opprettedes derfor i desember 2014 et internasjonalt nettverk for å rette opp på dette. Nettverket ble kallet "Evidence-Based Research Network" (EBRNetwork), ettersom løsningen var at også forskere måtte være kunnskapsbaserte når de planerte nye studier (det vil si anvende SR). Dette nettverket lykkes - i samarbeide med konsulent-støtte fra HVL - å få penger til en COST Action (støtte til etablering av nettverk). Denne COST Action, kallet "EVBRES" (forkortelse av "EVIDence-Based RESearch) påbegynte sitt arbeide i 2018 og slutter i 2022. Deretter fortsetter EBRNetwork jobben.

Arbeidet har stor internasjonal bevilgning da det har avgjørende betydning for planlegging og etisk og finansiell støtte av nye studier. Det krever imidlertid et stort forsknings- og utviklings-arbeide å gjennomføre en reel kunnskapsbasert forskningspraksis. HVL har her gått foran i arbeidet med å støtte dette viktige og store arbeide.

## 2. Senter for omsorgsforskning

v/Frode Fadnes Jacobsen, Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Senter for omsorgsforskning, vest (SOFV) er ett av i alt fem regionale senter for omsorgsforskning opprettet av Helse- og omsorgsdepartementet i 2008.

Forskningsområdet er kommunale helse- og omsorgstjenester, med særlig fokus på omsorgstjenester til eldre. Senteret er en partnerskapsorganisasjon bestående av, foruten vertsorganisasjonen HVL, UiB, UiS, VID, Helse Bergen, Helse Førde, Helse Fonna og de fire utviklingssentrene (USHT) i regionen. På HVL er våre aktiviteter campus-overskridende og tverrfaglige og med utstrakt samarbeid med andre fagmiljø.

Forskning på omsorgstjenester til eldre er fremdeles et relativt nytt fagfelt i Norge og Europa. Vi har derfor sett det som viktig å ha tett kontakt med internasjonale fagmiljø. Vi har i en årrekke hatt felles forskningsprosjekt med amerikanske og kanadiske fagmiljø, som University of California, San Fransisco, York University (Toronto), University of Manitoba og University of Alberta. Vi har også et ustrakt nettverk i Norden, Storbritannia og deltek aktivt i European Forum for Primary Care. Senteret leder også det europeiske nettverket PRIMORE (A primary care multi-professional researcher network). De tildelte midlene for å styrke universitetsambisjonen anvendes nå bl.a. til å knytte til oss den internasjonalt ledende finske eldreforskeren prof. Teppo Kröger i en prof. II-stilling. SOFV har en bred og økende publiseringsportefølje, og mye felles publisering med forskere i andre fagmiljø på HVL og med ulike nasjonale og internasjonale partnere.

Senteret har gjennomgått en faglig utvikling siden etableringen i 2008, en utvikling som gjenspeiler viktige omorganiseringer som berører den kommunale omsorgssektoren, slik som samhandlingsreformen, nyere forskningsfelt som er kommet til i Norge slik som velferdsteknologi og hverdagsrehabilitering. Samhandlingsproblematikk er relevant i flere forskningsprosjekter, blant annet WELCARE-prosjektet, et større femårig NFR-prosjekt (ISP) som startet opp 1. oktober 2019, og iNET, et fireårig NFR finansiert INTPART prosjekt som starter 1. oktober 2020. Vi har også formalisert og styrket arbeidet inn mot Utviklingssentrene for sykehjem og hjemmetjenester (USHT) i kommunene på Vestland og i Rogaland. Det pågående forskningsprosjektet MULTICARE (NFR) er et eksempel på et prosjekt der USHTene på Vestlandet er trukket aktivt inn. Omsorgsteknologi-satsingen er representert ved tre eksternt finansierte forskningsprosjekt, to prosjekter finansierte av Regionalt forskningsfond - Vestlandet (RFF) og et annet gjennom NFR-midler (arbeidspakke i [Live@home.path](#)) i samarbeid med UiB, NORCE og andre. Foruten dette har senteret ansvaret for å drifte omsorgsteknologilaboratoriet ved Høgskolen



på Vestlandet (HVL), er ansvarlige for HVLS konferanse Teknologi i helse- og omsorg og samarbeider med utdanningene i velferdsteknologi. Senteret har stor søknadsaktivitet og er hovedsøker på tre søknader inn mot NFR-fristen 2. september og partner i flere andre søknader. Vi er partner i to mindre EU-søknader og satser på å oppnå større EU-finansiering i nær framtid.

Senteret er i økende grad involvert i utdanningsaktiviteter ved HVL, og særlig knyttet til PhD-utdanningene. På de to nyeste doktorgradsprogrammene, Helse, funksjon og deltakelse og Ansvarlig innovasjon og regional utvikling (RESINNREG) er senteret tungt involvert både i organisering, undervisning og studentveiledning. Prosjektporteføljen er økende, noe som bidrar til en vekst i rekrutteringsstillinger. Det er fem forskningsgrupper knyttet til senteret: 1. Tjenesteforsk - Sammenlignende tjenesteforskning, 2. Teknologi, helse og samfunn, 3. Rehabilitering og helsefremming, og, 4. Helse og livskvalitet. I tillegg har Senteret et femte forskningsnettverk med deltakere fra partnerinstitusjonene, «Omsorgens grunnlag, fenomener og vilkår».

Senteret deltar, sammen med SOF nasjonalt, i utvikling og drift av Omsorgsbiblioteket, et nasjonalt dokumentasjonssenter for forskning, utvikling og innovasjon i omsorgssektoren. Sammen med SOF nasjonalt er vi også med i utvikling og drift av Tidsskrift for omsorgsforskning (Universitetsforlaget, nivå 1), hvor vi har redaktøransvaret.